NOREGS MÅLLAG | Mange røyster – felles mål

# Årsmelding Noregs Mållag 2012-2013



# Innhald


4 Føreord

5 Leiar

6 Nynorsk oppvekst

14 Andre målpolitiske tiltak

18 Samskipnaden

33 Økonomi

44 Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

50 Norsk Målungdom

52 Nærskylde tiltak

57 Vedlegg og statistikk



Årsmelding Noregs Mållag 2012-2013
Form: Erik Bolstad/Kjartan Helleve
Trykk: Mamma og Pappa
Opplag: 500

# Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2012/2013 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 19. mars 2012 til 3. mars 2013. Dei siste vekene fram til landsmøtet vil bli oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2012. Sjukefråveret har vore 126 dagsverk, noko som utgjer 7,9 prosent. Mesteparten av fråveret skriv seg frå langtidssjukemelding. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og Noregs Mållag følgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2012 gjekk 168 000 kroner i overskot, og den samla eigenkapitalen er eit godt grunnlag for drift dei komande åra.

Årsmeldinga er ein rapport for det andre året i den treårige arbeidsprogramperioden frå 2011-2014. Teksten følgjer strukturen i arbeidsprogrammet så langt det lèt seg gjere. Arbeidsprogrammet gjeld fram til våren 2014, og såleis vil det vere punkt i arbeidsprogrammet som det ikkje er gjort noko med i dette arbeidsåret. Det siste arbeidsåret har også vore ganske spesielt, med eit særleg trykk på revisjonen av læreplanane for norsk og førebuingane av det store tiltaket i Språkåret 2013; Nynorskstafetten. Styret vedtok difor å konsentrere seg om dei to sakene i tillegg til arbeidet mot målbyte blant elevar med nynorsk hovudmål. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller som det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar dessutan noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yte rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danne grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar. Dei siste tre åra har Språkrådet laga rapporten Språkstatus som dokumenterer språkbruk i Noreg på ulike felt, og Nynorsk kultursentrum gjev år om anna ut det omfattande faktaoversynet Språkfakta. Årsmeldinga frå Noregs Mållag dekkjer i hovudsak målreisinga og det arbeidet som vert lagt ned for å styrkje nynorsken sin plass. Saman gjev desse tre ulike rapportane eit utfyllande oversyn over stoda for nynorsken. Styret har lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Oslo, 8. mars 2013

Håvard B. Øvregård (leiar) Janne Nygård (nestleiar) Helga Hjetland Terje Kjøde
Nina Berge Rudi Sveinung Rotevatn Vebjørn Sture (Norsk Målungdom) Sigbjørn Hjelmbrekke (1. vara)
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



***Styret i Noregs Mållag 2012-2013***
*Frå venstre: Sigbjørn Hjelmbrekke (1. vara), Helga Hjetland, Vebjørn Sture (NMU), Janne Nygård (nestleiar) Håvard B. Øvregård (leiar), Terje Kjøde, Sveinung Rotevatn og Nina Berge Rudi.*

# Leiar

**Nynorskstafetten er godt i gang.** Vårt bidrag til Språkåret 2013 er eit løft for organisasjonen, eit løft for lokallaga langs reiseruta og eit løft for både nynorsk og språk generelt i Noreg. Vi feirar det fleirspråklege Noreg med nynorsk og bokmål, samisk, nasjonale minoritetsspråk og nye innvandrarspråk. Det er naturleg at Noregs Mållag sitt bidrag til Språkåret 2013 legg mest vekt på å nynorsk, men arbeidet vårt for språkglede, språkleg sjølvtillit og språkleg medvit gagnar alle språk og språkbrukarar i landet. Det er som med språklæring; å lære eit språk sperrar ikkje for å lære eit anna, tvert om. For kvart språk du lærer, vert det lettare å lære andre språk. Auka verdsetjing av nynorsk går hand i hand med auka verdsetjing av alle dei andre språka i eit stadig meir språkmangfaldig Noreg.

140 stader, 19 fylke, 12.000 kilometer. Det kan høyrast ut som reine galskapen. Men med ein stordugnad i heile organisasjonen er stafetten i gang, bilen på vegen, barnehagar, skular, rådhus og samfunnshus besøkte, avissidene invaderte, og slik skal det halde på til langt ut på seinhausten 2013.

Sjølv var eg på vegen dei to første vekene. Eg snakka med over tre tusen menneske i ti kommunar. Barnehageborn, skuleungar og –ungdom, ordførarar og rådmenn, fulle samfunnshus og diskusjonar på stand på kjøpesenter. Vi har verva medlemer og delt ut flygeblad. Vi har spreidd språkglede, språkleg sjølvtillit og språkleg medvit.

**Språkglede** er beste drivstoffet for målarbeid. Og få stader er den klarare enn i auga på barnehageborn. Før Nynorskstafetten byrja, hadde eg alt vitja over 50 barnehagar i barnehagekampanjen vår. Barnehagearbeidet vårt siste åra er både eit viktig nybrottsarbeid og ein stor «publikumssuksess». Når borna lærer å telje til fem på ulike språk, då lyser det i språkglede. At same ordet kan bety ulike ting, at «dø» både er talet to på fransk og «ikkje levande» på norsk, tykkjer borna er både spennande og morosamt. Dei legg merke til at talet tre er ganske likt på mange språk, om det er nynorsk/bokmål/svensk/dansk «tre», tysk «drei», engelsk «three», spansk «tres» eller russisk «tri». Og dei høyrer at finsk «kolme» og samisk «golbma» er i slekt.

**Språkleg** sjølvtillit er hovudbodskapen på skulebesøka. Desse to første vekene var eg i skular med fleirtal av nynorskelevar. Statistikken viser at mange nynorskelevar byter hovudmål til bokmål i løpet av skuletida. For dei fleste som byter, er dette i liten grad eit medvite val, det berre «blir slik». Bokmålspresset, at mesteparten av teksten dei ser rundt seg er på bokmål, vert for stort. Ekstra vanskeleg er det å halde på nynorsken når ein kjem i mindretal, til dømes på ny skule.

Korleis skal ein førebu elevane mot framtidig målbyte? Som med mangt anna: snakk om det. Elevane veit godt at det finst både nynorsk og bokmål, og at bokmål er fleirtalsspråket. Men dei treng også å tenkje gjennom og setje ord på kvifor dei bruker nynorsk, kvifor det er viktig for dei, og kva som skal til for å halde på det.

**Språkleg medvit** er hovudbodskapen i møte med ordførarar, rådmenn og andre kommunalt tilsette. Kommunen påverkar språkvilkåra for alle innbyggjarane sine. Gjennom barnehage og skule, vaksenopplæring, turistmarknadsføring, offentleg informasjon, sakspapir og skjema. Vi treng alle ei venleg påminning ein gong i mellom. Kommunalt tillitsvalde og tilsette treng at det lokale mållaget minner dei på korleis dei legg til rette for språkbrukarane i kommunen, og særleg om det er ein nynorskkommune. Eit nasjonalt mindretalsspråk treng strukturar som tek vare på språket for innbyggjarane, og slik gjer det lettare for kvar einskild å nytte språket sitt på alle område.

Styret har i den siste perioden gjort klare prioriteringar for arbeidet i sentrallekken. Nynorskstafetten har vore ei overordna organisatorisk prioritering. På det politiske området har målbyte og revideringa av norskfaget vore viktigast. Vi har vore tydelege på at svekking av sidemålskunnskap i norskfaget i praksis er ei svekking av nynorsk. Vi har kravd at vedteken språkpolitikk, som seier at nynorsken skal styrkjast, også må liggje til grunn for endringar i norskfaget.

Vi er fødde til å lære språk, vi er fødde til å like språk, vi er fødde til å bruke språk. Kva er meir naturleg å feire enn språk?

Noregs Mållag er alt godt i gang med å fylle Språkåret 2013 med språkglede, språkleg sjølvtillit og språkleg medvit. Vi skal ikkje slutte når nyttåret kjem, vi skal feire språk kvart år.

Godt Språkår!

Håvard B. Øvregård
Leiar Noregs Mållag

# Nynorsk oppvekst

**2.1 Barn og språk**
Det viktigaste er å gjera barna til trygge brukarar av sitt eige mål og styrkja det nedervde talemålet. Målet er at barna allereie i barnehagen skal få eit positivt møte med nynorsken.

**2.1.1 Språk i barnehagen**
Den personlege språkidentiteten og det nedervde talemålet skal styrkjast i barnehagen, så barna vert tryggare på seg sjølve og den språklege og kulturelle bakgrunnen sin. Barn over heile landet må få innblikk i det språklege mangfaldet som finst i Noreg, og målet er at opplesing frå nynorske barnebøker vert ein del av barnehagekvardagen over heile landet.

Noregs Mållag skal arbeide for at barnehagelova sikrar at det nedervde talemålet ikkje vert undergrave.

Språkopplæringa i førskulelærarutdanninga må styrkjast slik at førskulelærarane får kunnskap og medvit om verdien av barna sitt eige talemål, og i korleis dette best mogleg kan lærast.

Det er viktig at det finst rettleiingar som gjer det lettast mogleg for tilsette i barnehagane å driva språkopplæring.

Den komande treårsperioden skal Noregs Mållag sørgja for at det vert kartlagt kva språkutviklande pedagogiske hjelpemiddel som finst til bruk i barnehagen. Målet er at alt materiell som vert gjeve ut med offentleg stønad, òg kjem på nynorsk. Mållaget vil ta til orde for at Aasen-tunet, Nynorsksenteret og andre institusjonar skal få midlar til å utvikla pedagogisk materiell på nynorsk.

Mållaget skal laga eit prøveprosjekt i ein kommune der ein deler ut ei nynorsk startpakke, som til dømes kan innehalda nynorske barnebøker og tips til foreldra.

Noregs Mållag må trekkja inn andre organisasjonar, til dømes Pirion, Magasinett og Norsk Barneblad, som samarbeidspartnarar i utvikling og gjennomføring av tiltak mot målgruppa barn og unge.

**BARNEHAGEARBEIDET**
Barnehagekampanjen Gjennom ord blir verda stor vart avslutta til landsmøtet i april 2012. I førre årsmelding var det ei brei oppsummering av kampanjen. Fordi dette er eit viktig arbeidsfelt, og fordi mange kjem til for å gjere arbeid på feltet, har vi halde fram med å produsere kampanjemateriell. Vi merkar at det er mange som vil bruke materiellet, og det er gledeleg. Vi får i blant spørsmål om vi vil stille opp på oppdrag knytt til barnehagar, og det har vi sagt ja til når vi har kapasitet til det. Dette har likevel ikkje vore noko satsingsfelt dette året. Det er mange som legg inn samtale med barnehagekonsulentar og oppvekstsjefar i kommunane på Nynorskstafetten, og det er ein viktig del av det å føre arbeidet vidare på dette politikkfeltet.

**2.1.2 Barn og media**
Nynorsk og dialekt må inn i større grad på radio og i fjernsyn i program som særskilt er retta mot barn. Noregs Mållag skal, i samarbeid med Kringkastingsringen, følgja opp kravet om 25 % nynorsk i NRK Super. Noregs Mållag vil arbeida for meir nynorsk for barn og unge i den digitale verda.

NRK Super vart lansert i desember 2007, og etter rapportane frå det første heile driftsåret i 2008, var det tydeleg at dei låg på ein språkleg jumboplass blant NRK-kanalane. Mållaget etablerte difor eit samarbeid og har sidan 2009 hatt halvårlege møte med redaksjonen i NRK Super for å diskutere korleis dei kunne nå krava i sine eigne språkreglar.

Det har vore sett i verk ei rekkje tiltak for å auke nynorskdelen, og det har vore gode prosjekt. Satsing på eigne dramaproduksjonar gjev likevel ikkje særleg utslag på prosenten, og i mai 2011 tok dei til å dubbe ei rekkje seriar til normert nynorsk. For 2012 gjev denne

satsinga fullt utslag på statistikken, og dette året vil NRK Super for første gong vere om lag på same nivå som dei andre kanalane, om ikkje betre. Samstundes held dei fram satsinga på gode prosjekt i beste sendetid, og kanalen har utvikla seg svært positivt dei siste åra.

**2.1.3 Lokale tiltak**
Viktige tiltak i lokallaga er å informera barnehagane om kva materiell som finst, som til dømes Pirion og Blåmann Barnebokklubb, og å spreia dette. Lokale mållag kan samarbeida med kommunane for at barnehagane kjem med i kommunale språkplanar. Dei kan òg laga lokalt materiell for å fremja den lokale kulturen og dialekten, og samarbeida med barnehagane om å nå foreldra og få besteforeldre og andre til å vitja barnehagane.

**2.2 Nynorsk i skulen**
Det viktigaste målet er å auka talet på nynorskelevar i grunnskulen og å heva kvaliteten på opplæringa.

**2.2.1 Talet på nynorskelevar**
Noregs Mållag må arbeida for å auka talet på nynorskelevar i skulen. Sentrallekken skal informera om retten til å skipa nynorsk parallellklasse, fylgja opp alle som ynskjer å starta nynorsk parallellklasse og utvikla eit parallellklassekurs for interesserte foreldre og mållag. Noregs Mållag må arbeida for å stoppa utholinga av opplæringslova, slik at bokmålsklassar i nynorskskular ikkje øydelegg for nynorskelevane.

## SKULEMÅL

Sjeldan har vilkår utanfor skulen hatt meir å seie for utviklinga av skulemålet enn i desse tider. Det er store omvølingar i kommune- og skulestrukturen i heile landet. Den demografiske utviklinga rammar også dei områda der nynorsken tradisjonelt har stått sterkt. Den store endringa i opplæringslova frå Bondevik II-regjeringa der omgrepet klasse forsvann og vi fekk «gruppe» i staden, har svekt vilkåra for nynorskelevar, særleg i språkblanda område. Ikkje minst har arbeidet for å skipe nynorske parallellklassar vorte mykje vanskelegare med dagens opplæringslov. Å få til større kollektive målbyte frå bokmål til nynorsk inneber å leggje grunnlaget for offensive skulemålsrøystingar. Det er eit større arbeid enn laga i dag har ressursar til å ta på seg.

Desse vilkåra er medverkande til at talet på nynorskelevar også i 2012 har gått ned: Det var 77411 elevar i grunnskulen som hadde nynorsk som hovudmål i fjor, ein nedgang på 1384 elevar. Det var tre røystingar i arbeidsbolken, Otta, Sola og Fagernes, der bokmål vart resultatet alle stadene. Til saman var det under 400 nynorskelevar på desse skulane. Det vil seie at nedgangen i hovudsak kjem av målbyte frå nynorsk til bokmål på ungdomsskulen.

Eit arbeidsmål i perioden har vore å heve kvaliteten på opplæringa. Nøkkelen her er, som i svært mange saker som gjeld skulemålet, lærarutdanninga. Stadig fleire lærarstudentar tek no til motmæle mot manglande opplæring i nynorsk og nynorsk didaktikk. Dersom denne stoda held fram, undergrev det med kvart grunnlaget for nynorsk som eit levande bruksmål.

Det er eit mål å gjennomføra éi offensiv skulemålsrøysting i perioden. Dersom lokal- eller fylkeslag melder inn stader der ei slik røysting kan vera aktuell, skal Noregs Mållag prioritera høgt å stilla naudsynte ressursar til rådvelde. Mållag og målfolk som kan vera interesserte i å gjennomføra ei slik røysting, bør samlast i eit eige nettverk som kan finna fram til verkemidla som skal til for å vinna.

## RØYSTINGAR

Det var tre røystingar i perioden: Alle røystingane kom etter vedtak i kommunestyre – ingen av røystingane kom etter krav frå foreldre eller andre røysteføre i krinsen. Felles for to av røystingane, Otta og Sola, var at båe skulane hadde stort fleirtal av bokmålselevar trass i at dei var nynorskskular.

I Sel kommune tvinga kommunestyret fram røysting på Otta skule. Det var ingen krav korkje frå foreldre eller andre i krinsen om røysting. Mellom anna difor var frammøtet på under 6 prosent. Røystetala var 103 for bokmål, 76 for nynorsk.

Den andre røystinga var på Sola, 14. mai. Nynorsk vann med 44 røyster mot 17 røyster for bokmål. Frammøteprosenten var 8,1. Sola skule hadde 128 elevar i 2012, av desse hadde 24 elevar nynorsk. Kommunen

## FOLKERØYSTINGAR OM SKULEMÅL 2012-2013

(1994-2012 på side 59)

| Dato | Krins | Kommune | Røysteføre | Nynorsk | Bokmål | Vedtak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 120312 | Otta | Sel | 3023 | 76 | 103 | Bokmål |
| 140512 | Sola | Sola | 842 | 44 | 17 | Bokmål |
| 230512 | Fagernes | Nord-Aurdal | 5050 | 196 | 348 | Bokmål |




***SPRÅKGLEDE*** *Håvard B. Øvregård på vitjing i Arnatveit barnehage i Arna. (Foto: Kjartan Helleve)*

ville spare pengar og tvinga difor fram røystinga i von om at det ikkje kjem nynorskelevar i framtida på skulen. Såleis såg kommunestyret heilt bort frå resultatet frå røystinga og vedtok bokmål.

Den siste røystinga var òg eit resultat av kommunalt vedtak: Nord-Aurdal hadde seks skular i kommunen og kommunestyret ville slå alle i hop til éin skule (Fagernes). Tre av skulane var nynorskskular, og ved samanslåing av skular med ulikt opplæringsmål skal det haldast røysting. Lokallaget gjorde ein stor innsats fram mot røystinga, men også i Nord-Aurdal viste det seg at ei påtvinga røysting gjer det vanskelegare å mobilisere dei røysteføre: Frammøteprosenten var på snaue 11 prosent. Røystetala vart 348 for bokmål og 196 for nynorsk.

På grunn av dei store endringane som vil kome i kommune- og skulestrukturen, må vi vere budde på ein auke i talet på røystingar i åra som kjem.

## UNGDOMSSKULEN

Den relativt store nedgangen i talet på nynorskelevar, over 1400 færre nynorskelevar enn året før, kjem i hovudsak på grunn av målbyte på ungdomsskulen. Det vil seie at det «valet» svært mange nynorskelevar vert utsette for i overgangen frå barneskule til ungdomsskule, får store følgjer for styrken til nynorsk som skulemål. Det finst ingen data på at elevar byter frå bokmål til nynorsk på ungdomsskulen, sjølv om det skulle vere like naturleg som andre vegen. Årsakene til det store målbytet er strukturelle: Det finst mest ingen andre emne i unge folks liv der aldersgrensa for å gjere eit val er 13 år – unnateke val av språk. At dette valet utan unnatak går i éi lei, viser at tida er overmogen for å endre praksis slik at mange nynorskelevar slepp å kjenne seg pressa til å byte frå nynorsk til bokmål.

Ungdomsskulen skal i prinsippet vere tospråkleg, men i røynda er det ikkje slik. Elevane er prisgjevne dei personlege språkvala til kvar lærar, som ofte er bokmål i språkblanda klassar. Det finst heller ingen nasjonale retningslinjer for korleis ein organiserer elevane og opplæringa ved dei ungdomsskulane der det kjem elevar med både nynorsk og bokmål som hovudmål. Dei positive sidemålsforsøka frå mellom anna Holmlia og Åndalsnes er spreidde til stadig fleire skular, men det tek tid å endre tenking og dermed praksis på mange skular.

Den nye lærarutdanninga gjer det mogleg for nyutdanna lærarar som ikkje skal undervise i norsk, ikkje å ha norsk som obligatorisk fag i lærarutdanninga. Dette er eit alvorleg trugsmål mot vilkåret for å gjere ungdomsskulane reelt tospråklege. Med den gjeldande lærarutdanninga er nynorskelevane ikkje sikra at

lærarane deira meistrar nynorsk godt nok til å bruke språket i all undervisning.

I arbeidsbolken har Noregs Mållag fått fleire meldingar frå foreldre til nynorskelevar som er uroa over kvaliteten på lærarane sine norskkunnskapar – dei fortel at lærarar ikkje kan nynorsk og at dei dermed med kvart vurderer å la borna sine byte frå nynorsk til bokmål.

### RESSURSGRUPPA FOR NYNORSKELEVAR

Kunnskapsdepartementet oppretta våren 2012 ei ressursgruppe for nynorsk som hovudmål. Gruppa skulle sjå på årsakene til at mange elevar byter opplæringsmål/hovudmål frå nynorsk til bokmål i løpet av skuletida og føreslå tiltak for å motverke denne tendensen. Leiar Håvard B. Øvregård i Noregs Mållag har vore ein av 15 medlemer i gruppa, der mellom anna NMU, Språkrådet, Nynorsksenteret, LNK, Utdanningsforbundet, Elevorganisasjonen og Målstreken har vore representerte. Det har vore avvikla fem møte i gruppa. Det fyrste møtet var 20. april, det siste 27. november.

Rapport frå ressursgruppa kjem våren 2013. Mellom dei tiltaka gruppa har drøfta, er auka kunnskap om og forsking på målbyte, kompetanseheving hjå lærarar og barnehagetilsette, betre rett til læringsressursar på hovudmål for nynorskelevar, og tilleggspoeng for elevar som vel nynorsk som hovudmål i vidaregåande skule.

### MÅLSTREKEN

Styret i Noregs Mållag vedtok i 2008 å setje i gang eit prosjekt om målbyte frå nynorsk til bokmål blant skuleelevar. Valdres vart valt som prosjektstad, og prosjektleiar vart tilsett frå våren 2009. Prosjektet vart avslutta som planlagt i august 2012 etter å ha vore i drift i godt og vel tre år.

Gjennom Målstreken har Noregs Mållag fått tre viktige rapportar om kvifor elevane byter eller ikkje byter hovudmål ved Valdres vidaregåande skule og Firda vidaregåande skule, sjå www.malstreken.no. I tillegg har det vore gjennomført ei rekkje systematiske haldningsskapande tiltak overfor elevar og lærarar i Valdres, og det er etablert eit lærarsamarbeid mellom Valdres og Firda. Målstreken har også sett i gang eit arbeid for å få på plass eit vidareutdanningsstudium for grunnskulelærarar i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Styret er svært nøgd med gjennomføringa av prosjektet, og meiner det her er gjort eit dokumentasjons- og formidlingsarbeid som gjev viktig innsikt om situasjonen for nynorskelevane. Denne innsikta ynskjer vi at fleire skal ta del i, og vi har i mange samanhengar lyft røynslene frå Målstreken fram som ei kjelde til kunnskap også for utdanningsstyresmaktene.

### REGISTRERING AV MÅLFORM I VIDAREGÅANDE SKULE

Våren 2012 kunne vi lese sjokkmeldingar om at det til dømes berre var 10 prosent nynorskelevar ved Stord vidaregåande skule. Nærare undersøkingar avslørte at fylkeskommunane hadde eit system for å registrere elevar ved inntak til vidaregåande opplæring, der alle elevar automatisk blir registrerte som bokmålselevar. Dette blir ståande til elevane oppdagar det og sjølv ber om å få det endra. Noregs Mållag var uroa for at dette ikkje berre var ein feil som rota til statistikken for avisene. Når registreringa gjer nynorskelevane usynlege, er det grunn til å tru at dei heller ikkje blir behandla som nynorskelevar i møte med skuleeigar og tilrettelegginga av opplæringa deira. Kunnskapsministeren lova ifjor å rydde opp. Hordaland fylkeskommune er sett på saka, og vi er forsiktige optimistar og vonar det vil vera på plass nye løysingar med det første.

### FORUM FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Forum for nynorsk i opplæringa er eit forum som Utdanningsdirektoratet tok initiativ til hausten 2005, og som har hatt jamne møte fram til våren 2011. Etter det gjekk det heilt til hausten 2012 før vi på nytt vart samla, noko fleire av oss deltakarane hadde reagert på når det i den same perioden gjekk føre seg viktig førebuingsarbeid med revisjon av læreplanane i norsk. Møtet sist haust hadde også læreplanrevisjonen som einaste sak, og vi fekk ei orientering om det utkastet direktoratet hadde planar om å sende til Kunnskapsdepartementet for godkjenning som høyringsgrunnlag. Diskusjonen var konstruktiv og livleg, men vi har diverre ikkje på noko tidspunkt det siste året hatt inntrykk av at direktoratet har vore oppriktig interessert i våre synspunkt, der vi har vore usamde med dei. I forumet møter Noregs Mållag, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Nynorsk kultursentrum, Språkrådet, Litteraturselskapet Samlaget og Nynorsksenteret.

#### 2.2.2 Kvalitet i opplæringa

Kvaliteten på undervisninga i og på nynorsk må hevast. Noregs Mållag må sikra at lærarutdanninga og lektorutdanninga blir endra slik at lærarstudentane får opplæring i nynorsk- og sidemålsdidaktikk, i tillegg til at dei må meistra nynorsk. Opplæringa i norskfaget i grunnskulen og vidaregåande skule må gje nynorskelevane språkleg sjølvtillit og identitet, og Noregs Mållag må difor arbeida for å endra læreplanmåla i Kunnskapsløftet. Allereie utdanna lærarar må få tilbod om etterutdanning i nynorsk., Språkrådet eller ein annan instans må få i oppgåve å kartleggja kvaliteten på og innhaldet i nynorskundervisninga, og dei må få midlar til å fylgja opp denne oppgåva.

Lokallaga bør tilby (beste)foreldregrupper etter modell frå barnehagearbeidet, kurs for lærarar og arbeida for at skulebiblioteka kjøper inn nynorskbøker. Dei må i tillegg arbeida opp mot politikarar og administrasjon for å sikra at skulane driv god nynorskopplæring. Alle læremiddel må koma til same tid og pris på nynorsk og bokmål. Noregs Mållag og fylkeslaga skal særleg arbeida for at alle digitale hjelpemiddel skal liggja føra på nynorsk, slik som brukargrensesnittet på datamaskinene til elevane, digitale læremiddel og kontorstøtteprogram. Difor er det viktig at lokale, regionale og sentrale lag av Noregs Mållag klagar inn brot på opplæringslova og mållova innanfor ansvarsområdet for Kunnskapsdepartementet.

## FØRSKULELÆRARUTDANNINGA

Noregs Mållag har som del av barnehagekampanjen kvart semester siste åra besøkt eit kull med førskulelærarstudentar på Høgskolen i Oslo og snakka om nynorsk i barnehage og vore med på å kåre dei beste digitale forteljingane frå kullet. I 2013 skjedde dette 8. mars i vårsemesteret og 19. november i haustsemesteret. Medvit om nynorsk/bokmål er viktig hjå tilsette i barnehagane, og Noregs Mållag meiner det er viktig at fleire utdanningsinstitusjonar for førskulelærarar lyfter opp dette temaet i utdanninga.

I april 2012 var det høyring på utkast til forskrift om rammeplan for barnehagelærarutdanninga og Noregs Mållag leverte høyringssvar. Barnehagen er ein viktig stad for førebuing til skuletida, og det blir gjort mykje bra for språkutviklinga og språkgleda blant borna. I høyringsfråsegna peika vi særleg på veikskapar i forskrifta til rammeplanen i spørsmål om språkleg medvit i spennet mellom bokmål, nynorsk og dialektar. Mållaget meinte at barnehagelærarutdanninga bør ha det same kompetansemålet som ein har i utdanninga av grunnskulelærarar: «kandidaten mestrer norsk muntlig og skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng.» I den endelege forskrifta er det no inne ei nærast likelydande formulering under opplistinga av krav til generell kompetanse: «mestrer norsk språk, både bokmål og nynorsk, på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng.»

## LÆRARUTDANNINGA

Noregs Mållag har undersøkt korleis lærestadene sikrar at studentane blir kvalifiserte til å undervise i så vel nynorsk hovudmål som sidemål. Vi har kontakta alle institusjonane og spurt kva undervisning i nynorsk og nynorsk fagdidaktikk dei gjev studentane. Resultatet viser seg å vere magert og alvorleg; berre to av 18 institusjonar som tilbyr lærar- og lektorutdanning, har obligatoriske kurs i nynorsk.

Vi veit at dette er alt for lite og alt for dårleg, og resultatet blir nyutdanna lærarar som slett ikkje meistrar nynorsk godt nok til å undervise i, om og på nynorsk. Nyutdanna lærarar utan obligatorisk norsk i utdanninga si, vert heller ikkje skikka til å vareta grunnleggjande dugleikar i alle fag.

I samband med manglande undervisning i nynorsk og nynorsk didaktikk i lærarutdanninga, blir Noregs Mållag spurt om å halde kurs for studentane. Også i denne perioden har vi halde kurs på Høgskolen i Sør-Trøndelag (Trondheim) og Høgskolen i Oslo/Akershus (Oslo) for over 200 studentar og vi har fått melding om at dei ønskjer fleire kurs frå oss. Det er truleg eit viktig arbeid vi gjer, men samstundes er det eit alvorleg politisk problem at friviljuge organisasjonar må ta ansvar for ein mislukka statleg utdanningspolitikk innanfor norskfaget.

I perioden har Utdanningsdirektoratet sendt ut framlegg til ny forskrift for lærar- og lektorutdanninga (8.-13. klassesteg) og Noregs Mållag har kome med fråsegn. Framlegget har ikkje eigne kompetansemål for dugleik i nynorsk og bokmål, slik det er i forskriftene for barnehagelærarutdanninga og lærarutdanninga for 1.-7. og 5.-10. klassesteg. Utvalet som har skrive framlegget, argumenterer med at norskkompetansen er dekt av opptakskravet til utdanninga og at studentar ikkje nødvendigvis har norsk som fag, og då heller ikkje kan målast på denne kompetansen i andre fag. Noregs Mållag har peika på at det må inn ei formulering om å meistre både nynorsk og bokmål på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng. Vi har også bede Kunnskapsdepartementet om å kartleggje norskkompetansen som eit grunnlag for betre å vurdere kor mykje opplæring som trengst i lærarutdanninga. I framlegget blir det også forsvart ikkje å ha med grunnleggjande dugleik i lesing og skriving. Der meiner utvalet at forståinga av den gjeldande læreplanen føreset kunnskap om dette. Dersom framlegget frå direktoratet vert vedteke, vil vilkåra for å sikre god kompetanse i nynorsk for alle lærarstudentar bli endå meir svekt.

## REVISJON AV LÆREPLANAR I GRUNNSKULE OG VIDAREGÅANDE SKULE

Arbeidet med å revidere læreplanane for Kunnskapsløftet tok til i 2011, men det var ikkje før 24.januar i 2012 at revisjonen var på alle lepper. Då sa Kunnskapsministeren i eit intervju med Dagsavisen at ho vil gjere kompetansemåla ulike i sidemål og hovudmål. Her lufta ho òg tanken om å slå saman standpunktkarakteren i sidemål og hovudmål og å gjere sidemål til trekkfag på ungdomsskule og i vidaregåande, utan at ho ville trekkje nokon konklusjon. Bakgrunnen for intervjuet i Dagsavisen var at Utdanningsdirektoratet i brev til Kunnskapsdepartementet hadde bede om å få gå vidare med nokre punkt i arbeidet med å revidere læreplanen i norsk. Her ville Utdanningsdirektoratet



*SONGSKATT* *Elevar i Vadheim syng med den stemma dei har. (Foto: Hege Lothe)*

tydeleg prioritere hovudmål, endre kompetansekrava til fordel for hovudmålet, slå saman dei to skriftlege karakterane i norsk til éin og gjere sidemål til trekkfag i vidaregåande skule, medan ungdomsskuleelevane ikkje skulle kunne kome opp i sidemål i det heile. Det kan vere verdt å merke seg at det var Kunnskapsdepartementet sjølv som hadde bede Utdanningsdirektoratet vurdere både kompetansekrava og vurderingsformene i sidemål. I oppdragsbrevet frå Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet i desember 2010 heiter det at departementet har fått klåre signal om at læreplanen er for ambisiøs. I brevet får Utdanningsdirektoratet eit klårt formulert oppdrag om å vurdere karakter og eksamen i sidemål.

Noregs Mållag har arbeidd intenst med læreplanen det siste året, vi har følgt revisjonen tett og hatt tett kontakt med dei politiske miljøa som skulle sende han ut på høyring. Difor var gleda stor då landsstyret til SV, med Kunnskapsminister Kristin Halvorsen i spissen, i slutten av november i 2012 vedtok ei fråsegn som slo fast at SV går inn for at vurderingsordninga i norskfaget skal ha ein eigen karakter i sidemål og at høyringsalternativ utan særleg prøving i sidemål ikkje skulle sendast ut på høyring. Noregs Mållag fekk òg gjennomslag for at dagens ordning burde vere ein del av høyringa. 5. desember vart revisjonen av norskfaget sendt ut på høyring, med svarfrist 5. mars.

Sjølv om ei vurderingsordning utan prøving i sidemål ikkje var med i høyringa, slik vi frykta, så er dei alternativa Utdanningsdirektoratet har lagt fram problematiske. Av dei nye vurderingsordningane som Utdanningsdirektoratet har lagt fram, har ingen av dei eigen karakter i sidemål i ungdomsskulen. I tillegg har alle dei nye vurderingsordningane bytt ut dagens standpunktkarakter med ein eksamenskarakter. Dei positive konsekvensane av standpunktkarakter er ei breiare prøving av kompetansemåla i læreplanen enn ein eksamenskarakter gjev. Standpunkt og eksamen har heilt ulike funksjonar, og å fjerne den eine til fordel for den andre vil svekkje prøvinga og dermed òg statusen og plassen til sidemålsundervisninga i norskfaget. Noregs Mållag skriv difor i vårt høyringssvar at slik Utdanningsdirektoratet har presentert dei nye vurderingsordningane, er det dagens ordning som har minst språkpolitiske konsekvensar.

Noregs Mållag meiner òg at revisjonen ikkje har lukkast med å gje elevane ei betre grunngjeving for sidemålsundervisninga slik kunnskapsminister Kristin Halvorsen har etterlyst. Difor tek vi i høyringsfråsegna til orde for at sidemålsopplæringa også får ei djupare grunngjeving som tek utgangspunkt i den fellesskapen




*KLÅRTEKST* ***Nynorskstafetten er på Kyrkjebø, og*** *Helga Hjetland forklarer skuleelevar kva det heile dreier seg om. (Foto: Hege Lothe)*

den norske tospråkstoda gjev, og dei pliktene det fører med seg å vere eit fleirspråkleg samfunn. Opplæring i både nynorsk og bokmål er heilt avgjerande for nynorskbrukarane sine språklege rettar. Utan god opplæring i begge språka vil ikkje nynorskbrukarane fritt kunne nytte språket sitt overalt i den norske ålmenta.

Det uheldige med høyringa er at Utdanningsdirektoratet har lagt ho opp som ei nettrøysting, der ein slepp å grunngje svaret. Noregs Mållag er uroa for korleis resultata vil bli brukt.

**2.2.3 Sidemål**
Noregs Mållag vil arbeida for at flest mogleg elevar byrjar med nynorsk sidemål allereie tidleg på barneskulen. Mållaget ynskjer å arbeida for at styresmaktene set i gang eit positivt sidemålsforsøk der alle elevar på eit årskull nyttar nynorske læremiddel og får undervisninga på nynorsk i eitt fag. Noregs Mållag vil forsvara ordninga med obligatorisk sidemålsundervisning i den vidaregåande skulen

## ARBEIDET MED Å SIKRE SIDEMÅLET POLITISK

Arbeidet med å forsvare sidemålsordninga vart intensivert med Kunnskapsministeren sine utsegner om revisjonen av norskfaget vinteren 2012, og med tilsetjinga av ein norskfagskonsulent. Arbeidet har vore konsentrert om sidemålsformuleringane til dei politiske partia. Vi har særleg vore uroa for Høgre som no har varsla at dei vil ha programfesta valfritt sidemål i ungdomsskulen på sitt landsmøte. Dette var varsla på førre landsmøte, så det kom ikkje som ei stor overrasking. Det som kom som ei overrasking, var at Høgre i sitt framlegg til program går inn for å endre mållova, slik at det skal bli opp til den einskilde tilsette kva språk ho vil skrive på i offentleg forvalting. Dette har fleire profilerte høgrefolk i nynorskområde markert seg mot, og Mållaget har arbeidd for å spreie våre meiningar om saka til desse. Fleire fylkeslag har levert inn endringsframlegg til saka skal opp på landsmøtet.

Av dei meir gledelege politiske vedtaka som kom i året som gjekk, var nok AUF sitt vedtak om at dei ynskjer eigen karakter i sidemål. AUF har med dette snudd i synet på eigen karakter i sidemål. Dei har før meint at sidemål skulle vere ein integrert del av norskfaget, og at eigen eksamen/tentamen og karakter i

sidemålet burde avskaffast. Moderpartiet skuffa difor i sitt første utkast til program som kom i september, der dei ville ha attende felles eksamensdag for hovudmål og sidemål. Ei ordning som vart prøvd i 2008, men som måtte avviklast same året etter store protestar. Noregs Mållag har peika på dette i presseutspel og lesarbrev og registrerer no at framlegget er ute av andreutkastet til program som kom i februar. Det er likevel ille å sjå at Arbeidarpartiet ikkje nemner sidemål eller nynorsk med eit einaste ord i sitt framlegg til program.

### OPPLÆRINGSMATERIELL

I samband med Nynorskstafetten formidlar vi oversyn til dei nynorskkommunane og språknøytrale kommunane vi er innom, over materiell som er mykje brukt i skulen og som berre finst på bokmål. Dette materiellet er ofte finansiert med støtte frå offentlege instansar. Målet vårt er at fleire skular skal krevje å få nynorskversjonar.

### TIDLEG START

Mållaget har lenge teke til orde for at sidemålsundervisninga bør starte tidlegare. Vi har då særleg tenkt på nynorsk sidemål. I andreutkastet frå Utdanningsdirektoratet om revisjon av læreplanane som kom i juni, låg ikkje kompetansemål om sidemål inne før på 7. trinnet. Mållaget sende ut pressemelding om at tidleg start er avgjerande for ei god opplæring, og meinte sidemålet burde inn som kompetansemål på 4. trinn.

**2.2.4 Organisering av skulemålsarbeidet**

Noregs Mållag sentralt skal setja ned ei nemnd som skal leia arbeidet med skulemål frå barnehage til vidaregåande skule. Nemnda skal særleg fylgja opp fylkeslaga, Norsk Målungdom og arbeidet opp mot styresmaktene. Nemnda skal utarbeida gode tiltak laga kan setja i verk og skipa til ei årleg samling for aktivistar som er særleg opptekne av skulemålsarbeid. Alle fylkeslag og flest mogleg lokallag skal driva eige skulemålsarbeid bygd på dei lokale tilhøva. Det er særleg viktig at laga melder inn korleis Noregs Mållag sentralt kan stø opp om det lokale skulemålsarbeidet.

Skulemålsnemnda til Noregs Mållag har i første rekkje arbeidd med å byggje nettverk for aktivistar. I perioden har nemnda halde eige seminar for utvalde aktivistar som eit første steg i arbeidet med å byggje landsfemnande nettverk. 15 folk frå lokallag, fylkeslag og NMU var samla på seminaret. Det er uråd å skilje skulemålsarbeid frå anna målarbeid, og arbeidet til nemnda er difor i like mykje grad organisasjonsbygging.

**2.3 Forsking**

Noregs Mållag vil arbeida overfor ulike forskingsmiljø for å fremja meir forsking på ulike sider ved nynorsk språktileigning og -opplæring. I tillegg til pedagogisk og didaktisk forsking knytt til norskfaget er det også viktig med meir kunnskap om den norske situasjonen med nynorsk og bokmål i lys av tospråklegheitsforsking meir allment.

Saman med aktuelle forskingsmiljø vil Noregs Mållag arbeida for å auka den finansielle støtta til forsking på born og nynorsk.

Universitetet i Bergen har overteke stafettpinnen om å få til meir systematisk forsking på samfunns- og kulturelle vilkår for nynorsk som bruksspråk. Startskotet for initiativet var eit seminar med innleiingar og diskusjonar om kva forsking nynorsken treng, som vart halde på forsommaren. Noregs Mållag var representert på seminaret.

Som ei følgje av omstrukturering ved Høgskulen i Volda er ikkje det tidlegare Ivar Aasen-instituttet lenger eit eige institutt, men går no under namnet Forskingssenter for skriftkultur og er underlagt eit større institutt. Mastergraden i Nynorsk skriftkultur blir vidareført som før.

# Andre målpolitiske tiltak

I denne perioden skal Noregs Mållag ha arbeid med nynorsk oppvekst som hovudprioritering. Likevel må målreisinga gå føre seg på alle felt i samfunnet og mållaget vil òg arbeida på desse områda:

**3.1 Media**
Noregs Mållag sentralt, fylkeslaga og einskildlaga skal saman **arbeida for meir nynorsk i media**, gjennom å styrkja dei nynorske avisene, tidsskrifta og publikasjonane som finst, og stø opp om dei som måtte koma til. Noregs Mållag sentralt skal følgja opp arbeidet med å oppheva nynorskforbodet på redaksjonell plass i dei riksdekkjande avisene.
Saman med Kringkastingsringen skal Noregs Mållag vera ei vaktbikkje andsynes kravet til NRK om 25 % nynorsk. Dei skal òg saman driva pressverksemd for å få språkpolitiske krav til private radio- og fjernsynskanalar.

## NRK

Noregs Mållag møter kringkastingssjefen i NRK kvart år saman med Kringkastingsringen. Denne hausten var omlegginga av språkarbeidet i NRK den viktigaste saka. Vi fekk ei grundig orientering om den nye strukturen der det skal vere ein tilsett språksjef og eit språkstyre sett saman av interne representantar frå dei ulike redaksjonane. NRK har i tillegg endeleg lagt om praksisen sin med teksting for høyrslehemma. No tekstar dei på båe målformer, ikkje berre på bokmål slik praksisen har vore til nyleg.

## TV2

Noregs Mållag hadde saman med Kringkastingsringen og NMU møte med leiinga i TV2 ved Kommunikasjonsdirektør Rune Indrøy 3. desember 2013. Vi tok her særleg opp manglande teksting på nynorsk og manglande språkmangfald i dubba seriar for born og unge. Vi gav også skryt til TV2 for mange høgt profilerte dialekt- og nynorskbrukarar i nyhende- og sportsredaksjonen.

**3.2 Nynorsk kyrkjemål**
Noregs Mållag skal arbeida for at nynorsk får breiast mogleg plass i administrasjon, gudstenesteliv og i andre kyrkjelege handlingar. Mållaget vil passa på at den kyrkjelege administrasjonen held seg til Mållova. Mållaget vil særleg fylgja opp tilbodet om trusopplæringsmateriell på nynorsk i gjennomføringa av trusopplæringsreforma, og stilla som eit absolutt krav at alt materiell skal liggja føra til same tid på begge mål.

## RØYSTINGAR

Det har vore éi kyrkjemålsrøysting i perioden, i Inderøy sokn. 18. november var det røysting etter gudstenesta og resultatet vart 70 røyster for nynorsk og 83 røyster for bokmål. Såleis vart ein knapt 100 år gammal nynorsktradisjon broten. Lokallaget og nynorskvener arbeidde godt fram mot røystinga og hadde mellom anna eit flott opprop i lokalavisa.

## TRUSOPPLÆRINGSMATERIELL

På landsmøtet i 2012 vedtok Mållaget ei fråsegn om at trusopplæringa til nynorskelevar må liggje føre på nynorsk. Fråsegna vart sendt til politiske miljø, Kyrkjerådet og alle bispedømmeråda. Vinteren 2012/2013 tok Noregs Mållag kontakt med IKO, Kirkelig pedagogisk senter, for å få oversyn over kva trusopplæringsmateriell som finst på nynorsk. Det har vi fått, saman med kva som finst som fellesspråkleg/språkblanda utgåver, og det er ein del av den informasjonen vi no formidlar til kommunane i samband med Nynorskstafetten.

**3.3 Næringslivet**
Noregs Mållag sentralt skal laga ein kunnskapsbank om nynorsk i næringslivet. Det er fylkes- og lokallaga som skal henta inn slik kunnskap og driva arbeid retta mot næringsliv, til dømes ved å hjelpa næringsdrivande med å marknadsføra seg på nynorsk og gje påskjøning til dei som gjer dette.

Vinteren 2012 lanserte Tine Melk ein ny profil der dei presenterer lokale bønder på mjølkekartongane frå kvar region. På vestlandet vart berre éin av tjue gardar presenterte på nynorsk, og Mållaget tok kontakt for å få meir nynorsk. Tine avviste både innhaldet i kravet vårt og attpåtil eit spørsmål om møte for å diskutere den nye profilen. I mai snudde dei likevel fordi reaksjonane hadde vore for mange, også blant mjølkeprodusentane i eigen organisasjon. I juni lanserte dermed Tine nye mjølkekartongar der nesten alle kartongane på Vestlandet fekk nynorsk innpakning. Mållaget har arbeidd mykje med språket på mjølkekartongane og no står det berre att at nynorskområde også utanfor Vestlandet får det same nynorsktilbodet.

Juryen for nynorsk næringslivspris hadde frist for innsending av framlegg i desember 2012, og prisen vil bli delt ut denne våren.

**3.4 Offentleg målbruk**
Noregs Mållag skal arbeida for at Mållova vert strengare handheva, og at det vert knytt sanksjonar til lova. Organisasjonen skal arbeida aktivt for å få skriftkulturen meir inn i kommunal og fylkeskommunal politikk, spesielt ved at fylkeslaga skal arbeida for at offentleg tilsette får tilbod om nynorskkurs, særleg i nynorskområda og randsonene. Noregs Mållag skal arbeida for at programvare som blir brukt i det offentlege, skal finnast tilgjengeleg på både nynorsk og bokmål til same tid og same pris, og at informasjonen om slik programvare blir gjort kjend. Noregs Mållag og LNK skal utarbeida ein rettleiar til bruk for lokallaga i kva mållaget og dei nærskylde kan tilby kommunane i arbeidet med å styrkja språk og kultur, og arbeida for at framtidige kommunesamanslåingar fører til at nynorsken vert styrkt som styrings- og skulemål.

Offentleg målbruk har ikkje vore prioritert frå sentralt hald det siste året, men vi registrerer med glede at det kjem inn mange klager til Språkrådet frå andre målfolk.

I september lanserte Høgre eit programutkast der dei føreslo ei kraftig svekking av mållova. Dei ville byte ut dagens rett til å få svar på eiga målform med ein rett for tilsette i staten og språknøytrale kommunar til å skrive på si eiga målform. Mållaget sende ut pressemelding om saka, og leiaren var i ei rekkje ordskifte og intervju i media om temaet.

Etter innspel på landsrådsmøtet i november sende Mållaget brev til Språkrådet med spørsmål om fellesspråkleg søkjeteknologi. Vi peika på dei elektroniske utfordringane med at mykje offentleg informasjon ligg føre anten på nynorsk eller bokmål, og at ein ikkje får treff som er dekkjande for den tilgjengelege informasjonen om ein søkjer på feil språk. Framlegget vårt er at det blir lagt til rette teknologisk for at ein får både nynorsk- og bokmålstreff same kva språk ein vel i søket.

**3.5 Norskopplæring på nynorsk for vaksne innvandrarar**
Noregs Mållag skal arbeida for å sikra retten til nynorske læremiddel og opplæring på nynorsk for vaksne innvandrarar. Norskopplæring for vaksne innvandrarar bør koma inn under opplæringslova, slik at ein får lovfest at undervisningsmateriellet som vert utvikla kjem på båe målformer til lik tid og pris. I nynorskområde skal opplæringa vera på nynorsk. Noregs Mållag skal arbeida for at det vert skipa til kurs i nynorsk-didaktikk for lærarar.

Det har vore ein stor auke i oppslag i lokalaviser om norskopplæringa for vaksne innvandrarar i nynorskkommunar, ikkje minst i Sogn og Fjordane der mange kommunar berre gjev bokmålsopplæring til vaksne innvandrarar. Trass i at det har vore ein god auke i talet på læremiddel i nynorsk for vaksne innvandrarar, er der framleis motstand mot å tilby dei nye landsmennene våre nynorskopplæring i nynorskkommunar. Mange kommunar veit ikkje kva tilbod som finst, at det er kommunar som gjev fullgod norskopplæring i og på nynorsk og som jamvel er gode nok til å førebu innvandrarane til å studere på høgskule og universitet. Noregs Mållag gjev jamt råd til kommunar der saka er aktuell: Vi viser til tilfang som finst, til kommunar som lukkast med å gje god nynorskopplæring og set dei i kontakt med desse.

Slik verda utviklar seg, vil det kome mange innvandrarar til Noreg i åra som kjem. Det vil òg bli ein auke i talet på innvandrarar til nynorskkommunar. Skal det vere von om at desse får norskopplæringa si i og på nynorsk, er det kommunane som sit med nøkkelen: Svært få nynorskkommunar har gjort aktive vedtak om at vaksne innvandrarar skal få norskopplæringa på nynorsk. I 2012 greidde Kvinnherad Mållag å få kommunen til å vedta at opplæringa skal vere på nynorsk, eit framifrå arbeid av lokallaget.

Hjå styresmaktene er det eit stort problem at ulike departement skuvar ansvaret over på kvarandre. Det er tre departement som har med innvandringa å gjere, og ingen av dei vil ta ansvar for å betre stoda nemnande.



*STARTSKOT Heidersmedlem Marie Lovise Widnes fekk æra av å fyre av startskotet då Nynorskstafetten rulla ut av Aasentunet i slutten av januar. (Foto: Kjartan Helleve)*

Me er nøydde til å føre denne saka saman med LNK både andsynes kommunane og styresmaktene.

## SIDEMÅL OG «MINORITETSSPRÅKLEGE»

Sidemålsordninga i ungdomsskulen og på vidaregåande skule er lovfest i opplæringslova. I lova er det opna for fritak for vurdering, og dermed i praksis undervisning, i sidemål mellom anna dersom eleven får særskilt norskopplæring.

I Oslo har over ein tredel av elevane fritak frå vurdering i sidemål på vidaregåande skule. Kvart år får over 4000 elevar slikt fritak, og kvar enkelt fritak skal Oslo kommune gjere vedtak om. Desse vedtaka skal kommunen gjere etter ei grundig pedagogisk og språkleg vurdering av kvar einaste elev. Og foreldra eller føresette til kvar einaste elev skal få skriftleg informasjon om kva vedtak som blir gjort.

Noregs Mållag har kontakta skular, elevar og lærarar på skular i Oslo, og tilbakemeldingar tyder på at Oslo kommune korkje gjer grundig vurdering i kvart einaste tilfelle eller orienterer alle foreldra/føresette om dette. På somme skular vert det jamvel ikkje vurdert i det heile, unnateke meir eller mindre tilfeldig vurdering frå læraren. Fleire elevar som har fått fritak, har meldt til Noregs Mållag at dei vart «plasserte» i fritaksgruppa på grunn av ikkje-vestlege namn og/eller at foreldra deira har eit anna morsmål enn norsk.

**3.6 Bokbransjen**
Noregs Mållag sentralt skal arbeida for å sikra gode vekstvilkår for nynorsk litteratur i den nye bokavtalen. Noregs Mållag må òg sikra at det vert momsfritak for norske e-bøker.

I april leverte NM høyringsfråsegn om litteratur- og språkpolitiske verkemiddel. Kulturdepartementet sende på høyring to utgreiingar av verkemidla, og desse var det mogleg å kome med kommentarar til med tanke på det pågåande arbeidet med boklov. Til liks med andre, nærskylde tiltak tok vi til orde for framhald av fastprisordninga, men vi tok ikkje stilling til spørsmålet om boklov eller bransjeavtale. Vi understreka òg at andre ordningar, som innkjøpsordningane til Kulturrådet og støtteordninga for nynorsk litteratur er særs viktige.

Ikkje minst utrykte vi misnøye med at utgreiingane i forsvinnande liten grad drøfta dei språkpolitiske sidene ved verkemidla. Ingen av rapportane refererte til norsk språkpolitikk slik han er fastlagd i stortingsmeldinga Mål og meining, og dei vurderer då ikkje verkemidla opp mot dette.

Kulturdepartementet utarbeidde eit nytt lovframlegg som vart sendt på høyring i februar 2013. Noregs Mållag har levert høyringsfråsegn også her, der vi har peika på dei same momenta som i fyrste runden.

**3.7 Organisasjonar**
Noregs Mållag skal i perioden arbeida andsynes store organisasjonar som til dømes fagrørsla og idretten for å få inn nynorsk på vevsidene deira.

Mållaget har ikkje fått prioritert eit systematisk arbeid dette året med å få friviljuge organisasjonar til å bruke meir nynorsk. Men eitt av arbeidsstipenda på 50 000 kroner vart våren 2012 delt ut til eit prosjekt som nettopp hadde organisasjonane som målgruppe, og arbeidet der er i full gang.

**3.8 2013**
I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd og 100 år sidan Det Norske Teatret var skipa. Det må vera eit mål å nytta jubileet til å fremja den norske målreisinga over heile landet, og å byggja organisasjonen mellom

anna gjennom verving av nye medlemer. Noregs Mållag skal, i samarbeid med resten av organisasjonen, skipa til ein vandringsstafett med møte og kulturarrangement langs ruta til Ivar Aasen. Til dømes kan ein leggja til rette for lokale markeringar og minnesmerke på dei stadene Ivar Aasen vitja på samlarferdene sine, og samarbeida med skuleverk, kommunar og fylke på desse stadene. Slik kan vi få fram korleis målreisingsarbeidet gjeld heile Noreg.

## NYNORSKSTAFETTEN

I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Noregs Mållag vil markere nynorsken i Språkåret 2013. Vårt bidrag er ein nynorskstafett gjennom heile Noreg. Vi har leigd ein bil og køyrer i fotspora til Ivar Aasen. Måndag 28. januar opna vi Nynorskstafetten i Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Stafetten skal rulle heilt fram til 19. oktober i Bygland på Agder. Då har bilen hatt nær 150 stogg og vitja tilsvarande mange lokallag. Nokre stader har det vore dagopplegg med ulike skulebesøk, barnehagebesøk, ordførarmøte, stand på kjøpesenteret, kulturkveldar og årsmøte. Lokallaga legg planane lokalt og ordnar overnatting. Skrivarstova koordinerer planane, sender bilen rundt med mannskap, lagar tilfang og gjer informasjonsarbeid. Alt tilfanget er gratis for lokallaga. Vi har med tilbod om klassesett av Norsk Barneblad til den aktuelle målgruppa, og vekeferske Dag og Tid. I tillegg har vi laga dette skriftlege tilfanget: ei eiga magasinutgåve av *Norsk Tidend*, flygeblad til elevane, flygeblad til barnehagane, ordførarmappe med gode råd om nynorsk i kommunane og ei eiga bokgåve *Viljen til språk* av Ottar Grepstad. Og vi har laga småting som er høvelege å gje vekk på stands, i klasserom eller liknande: ballongar, jakkemerke og klistremerke. Så har vi også salstilfang: matboks, Kulturlotteriet 2013, skrivebok og penn. Vi har laga ein eigen stafettpinne som skal følgje oss gjennom heile Nynorskstafetten. Den symboliserer at dette er ein stafett der om lag hundre femti lokallag har kvar sin etappe, og i djupare forstand at språket heile tida blir overlevert frå éin person til ein annan, frå generasjon til generasjon. Når denne årsmeldinga går i trykken har vi hatt om lag 30 stogg, og vårt inntrykk er at dette er ei svært vellukka markering av både nynorsken og Ivar Aasen.

**3.9 2014**

I 2014 er det 200 år sidan Grunnlova vart skriven. Målreisinga var ein del av nasjonsbyggingsprosjektet, og det er difor viktig at mållaget får ei rolle i grunnlovsjubileet. Dette året skal landsmøtet vera på Eidsvoll.

Den viktigaste markeringa av Grunnlova er at heile lova no kjem på nynorsk. Dette er svært viktig for statusen til nynorsk som offentleg språk i Noreg. Arbeidet med landsmøtet 2014 er ikkje starta enno.

## NORMERING

Den lenge planlagde normeringa av nynorsken vart vedteken i Kulturdepartementet våren 2012 og innført frå 1. august same året. I kjølvatnet av normeringa sende Kulturdepartementet ut på høyring eit utkast til reglar om fullmakter og behandlingsprosedyre i rettskrivingssaker, der Mållaget leverte høyringsfråsegn.

Dei viktigaste synspunkta våre var at vi er positive til at Språkrådet lagar rettleiingar til dei som er usikre språkbrukarar, då også den nye norma har ein del valfridom som kan vere vanskeleg å handtere for dei med lågast kunnskap. Vi tok også til orde for at Språkrådet i normeringsendringar som gjeld ny stavemåte eller bøying av tidlegare normerte ord ut frå «faktisk språkbruk», tolkar regelverket strengt, og heller for ofte enn for sjeldan sender sakene over til Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

## STADNAMN

Kulturdepartementet sende ut høyring om endringsframlegg til lov om stadnamn våren 2012 med høyringsfrist 1. august same året. Høyringsfråsegna frå Noregs Mållag vart handsama og vedteken alt på landsmøtet i april. Den føreslegne endringa ville opne for at eigar eller festar av bruk skulle «ha det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn». Noregs Mållag meiner at bruksnamn må fastsetjast av Statens kartverk, slik regelen er for gardsnamn. Mållaget er uroa for at ei lovendring kan føre til mange ulike skrivemåtar i bruksnamn knytte til same gardsnamn, dersom dette vert opp privatpersonar.

Høyringssvaret vart lagt ut på heimesidene våre, og det er også mange lokallag som har levert høyringssvar i denne saka.

# Samskipnaden

**4.0 Organisasjonsarbeid**
Det viktigaste målet for organisasjonsarbeidet er å utvikla gode lagsfolk og rekruttera fleire nynorskbrukarar som aktive medlemer. Alle ledd i Noregs Mållag skal vidareutvikla ein god og inkluderande organisasjonskultur. Noregs Mållag stiller kvart år inntil 200 000 kroner til rådvelde til styrking av organisasjonen.

Skal Noregs Mållag fungere optimalt, må både skrivarstova og styret, fylkeslaga, yrkesmållaga og lokallaga fungere. Arbeidet frå skrivarstova og styret er innretta på at informasjonsmateriell og tilskipingar skal vere så opne og inkluderande som mogleg. Norsk Tidend slepp til mange slags røyster både lokalt og nasjonalt, og heimesida skal vere interessant for mange ulike målgrupper. Vi ynskjer sjølvsagt å nå lenger ut, og satsinga på Flickr, Facebook og Nytt om nynorsk er ein del av denne strategien. Styret har eit klart ynske om at Noregs Mållag i endå større grad, i samarbeid med lokale mållag, skal lage seminar og tilskipingar som trekkjer til seg målfolk som i dag endå ikkje har vore på si fyrste mållagstilskiping. Satsinga på Nynorskstafetten i 2013 er også eit ynske om å inkludere fleire aktive inn i organisasjonen.

## STYRKING AV ORGANISASJONEN

I 2012 har styret løyvt pengar til desse tiltaka: Bærum Mållag 10 000 kroner til markering av hundreårsjubileet for laget, Os Mållag 7 000 kroner til låtskrivarverkstad for ungdom, Ostereidet Mållag 1699 kroner til kulturkveld, Nord-Fron Mållag 14 300 kroner til ulike tiltak i Språkåret, Bergen Mållag 15 000 kroner til Nynorsk bar, Øystre Slidre Mållag 10 400 kroner til ulike tiltak for barn og unge, Kvam Mållag 3 000 kroner til LittLarm, Troms og Finnmark Mållag 17 250 kroner til haustseminar for Nord-Noreg og Sunnmøre Mållag 15 000 kroner til regionsamling for fire fylkeslag.

**4.1 Noregs Mållag sentralt**
Den viktigaste jobben til Noregs Mållag sentralt er å styrkja lokal- og fylkeslag. Kvart år skal Noregs Mållag tilby gratis kampanjetilfang og andre kampanjeaktivitetar til medlemslaga.

Noregs Mållag avslutta barnehagekampanjen på landsmøtet i april 2012, og kampanjen vart også oppsummert i førre årsmelding. Det har likevel vore ein viss aktivitet på barnehagefeltet dette året. Denne kampanjen har ikkje vorte erstatta med ein ny kampanje, men både sentralt og lokalt har brukt delar av året til å planleggje Nynorskstafetten. Styret la seg tidleg på eit høgt ambisjonsnivå og i løpet av året vil vi ha vitja om lag 150 stader, og med tilsvarande mange lokallag som er involvert. Mange lag har hatt god aktivitet siste åra, og det gjev også utslag i medlemstalet. Frå 2011 til 2012 har 131 av 161 lag auka medlemstalet, 10 har same tal som året før, medan 20 lag har ein nedgang. Talet er rekna ut frå lag som har over 10 medlemer og som har levert årsmelding i løpet av dei siste tre åra. Om vi samanliknar med tala frå 2010 til 2011, var det då 96 lag med medlemsauke.

Noregs Mållag sentralt skal vitja alle fylkeslaga og minst 50 mållag kvart år i perioden.

Sidan 26. mars 2012 har vi vitja 16 lokal- og fylkeslag. Dette talet inneheld fleire planleggingsmøte av Nynorskstafetten der fleire lag har vore på møte. Talet er noko lågare enn tidlegare år. Når vi tek med vit-

jingane i samband med Nynorskstafetten til og med 8. mars, er dette 30 lokallagsvitjingar og det samla talet vert då 46 vitjingar. Stafetten blir eit såpass stort løft at styret i år har varsla fylkeslaga at dei ikkje vil prioritere å reise på fylkesårsmøte. Sjå reiselista for fullstendig oversyn.

I tillegg skal mållaget organisera tilbod om føredragshaldarar til lokallaga. Noregs Mållag skal samarbeida tett med Norsk Målungdom, og særleg stø opp om skulevitjingsarbeidet deira. I perioden skal alle nyvalde leiarar få tilbod om vitjing og skolering frå sentralleddet.

Noregs Mållag har ikkje organisert føredragsturne i 2012. Skrivarstova har derimot planlagt Nynorskstafetten for 2013.

## SKULERINGSSAMLING FOR NYE FYLKESLEIARAR

I 2012 vart det laga eit eige dagsseminar for nyvalde fylkesleiarar i Mållaget i framkant av haustseminaret på Lillehammer. Samlinga inneheld ei ideologisk innleiing, organisasjonsbygging, mediearbeid og ei praktisk innføring i korleis organisasjonen Noregs Mållag fungerer. Dette var andre samlinga for nye fylkesleiarar, og vi vil halde fram med slike samlingar som eit tilbod til nye fylkesleiarar. Nyvalde lokallagsleiarar har ikkje fått tilbod om skuleringssamling i året som gjekk.

Noregs Mållag sentralt skal systematisera arbeidet med å samla inn og spreia gode døme på lokalt målarbeid.

Det er ikkje gjort systematisk arbeid her siste året. Men både *Norsk Tidend*, Nytt om nynorsk, lagssendingane og heimesidene tek opp saker med døme frå lokalt målarbeid.

Mållaget skal skipa til årlege haustseminar. Hovudmålgruppa for seminara skal vera lokallagsleiarar. Noregs Mållag skal samarbeida med fylkesmållaga om å organisera regionale samlingar der det er interesse for det som eit supplement til haustseminaret.

## HAUSTSEMINARET

I midten av oktober var det haustseminar på Lillehammer. Staden var vald fordi det har kome fleire nye lokallag og ny aktivitet på Austlandet siste åra, og fordi det er viktig å vere synleg også i denne delen av landet. Programmet fekk veldig mange gode tilbakemeldingar. Det var ei blanding av fleire emne. Richard Wyn Jones, professor i walisisk politikk, snakka om *Kva politisk rolle har språk? Om ein mindretalsspråksituasjon med utgangspunkt i Wales*. Både Karen Marie Kvåle Garthus, Eli Bjørhusdal, Gudrun Kløve Juuhl og Margit Ims snakka utifrå ulike perspektiv om utfordringane for nynorsk i skulen, og det vart også eit godt ordskifte om norskfaget og sidemålsordninga. Sundag var fleire organisatoriske utfordringar knytte til Nynorskstafetten drøfta. Om kvelden var det festmiddag og god underhaldning som fylkesmållaget Austmannalaget hadde ordna. Det var Bjørn Sigurd Glorvigen og Even Lusæter som stod for både opplesing og song av lokale forfattarar. Inkludert styret, skrivarstova, innleiarar og deltakarar var vi til saman 75 deltakarar. Det var deltakarar frå heile Sør-Noreg, men det var fleire deltakarar enn vanleg frå Austlandet.

## DAGSSEMINAR I BERGEN

Dagsseminaret vart skipa i midten av november. Det hadde delvis overlappande program med haustseminaret, på punkta om ordskifte om norskfaget og sidemålsordninga. Så var det også, som på haustseminaret, eit eige punkt om *Kvifor nynorsk? Kvifor Noregs Mållag?* Det var i underkant av 30 deltakarar, og av dei var det fleire som nyleg hadde meldt seg inn og var på si aller fyrste mållagstilskiping. Det var ein lærerik dag, men fyrst og fremst var det ordskifte om kva som er beste strategien for saka om norskfaget.

## SUNNMØRSSEMINARET

I førre periode tok Noregs Mållag kontakt med Sunnmøre Mållag, med spørsmål om dei ville lage til eit regionalt seminar der det vart invitert inn lag frå heile Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I november inviterte Sunnmøre Mållag til seminar på Quality Ulstein Hotel. Det var i underkant av 30 deltakarar som kom frå alle fylkeslaga, men fyrst og fremst frå Sunnmøre. Dette var eit særs vellukka seminar, og Terje Kjøde som både er leiar i Sunnmøre Mållag og styremedlem i Noregs Mållag, gjorde førebuingsarbeidet. Noregs Mållag gav pengestøtte til seminaret. At Noregs Mållag skipa både eit haustseminar på Lillehammer og eit dagsseminar i Bergen har nok hatt ein regional effekt.

Noregs Mållag skal ha eit stabilt, høgt medlemstal. Vi vil auka verveopplæringa og redusera snittalderen i organisasjonen.

## VERVING OG VERVETILTAK

I staden for ein stor sentralstyrt vervekampanje, har vi på ulike måtar oppmoda lokallaga til å verve. Vi har laga vervekort, vanleg vervegiro og eit lite verveflygeblad. I starten av året var det stor pågang av nye medlemer. Innmeldingstenesta på SMS vart mykje

brukt. Fordelen med denne tenesta framfor ein del andre vervemåtar, er at den som lèt seg verve, betaler medlemspengar med ein gong over mobilrekninga. Det er diverre kvart år slik at somme av dei som melder seg inn i organisasjonen på andre måtar, ikkje betaler medlemspengegiroen når denne kjem. På hausten sende vi ut ein vervekampanje til om lag 4500 folkevalde i kommunestyre og fylkesting over heile landet. Det var 138 folkevalde som melde seg inn etter denne kampanjen. Vi veit også at det har vore stor verveaktivitet i ein del av lokallaga.

## INNMELDINGSREKORD

Medlemstalet for 2012 er totalt 12 256 betalande medlemer, ein auke på 1 826 medlemer frå 2011. I 2012 har det meldt seg inn 2 027 nye betalande medlemer. I 2011 var tilsvarande tal 986 medlemer.

I kjølvatnet av utspelet frå Utdanningsdirektoratet om at sidemålet bør få mindre plass i skulen i januar 2012, strøymde det på med innmeldingar til Noregs Mållag. God draghjelp fekk vi også frå Oddny Miljeteig, gruppeleiar i Bergen SV, som byrja sin eigen vervekampanje på mobil og Facebook. Dette har vore ei heilt spesiell mobilisering, som vi ikkje kjenner parallellar til. Det er ei overvekt av kvinner som har meldt seg inn, og det kan også sjå ut til at dei nye medlemene dreg ned snittalderen i organisasjonen. Vi ser også at fleire av dei eksisterande medlemene våre har betalt medlemspengane. Etter denne kjempemobiliseringa på nyåret 2012 har det kome eit jamt tilsig resten av året. Den store tendensen i medlemsveksten er at han er fordelt over heile landet, men med markant auke i dei store byane og på Vestlandet. At 131 lag har hatt medlemsauke syner dette. Dette var ei brå mobilisering for nynorsken, og vi må vere budde på at slett ikkje alle desse blir med vidare som medlemer, sjølv om dei stør saka.

Å ta i mot og handtere så mange nyinnmelde medlemer og interesserte var ein veldig kjekk jobb, men også arbeidskrevjande for skrivarstova. Vi brukte mykje tid på å ta imot dei nye medlemene slik at dei fekk rask tilbakemelding på at dei var innmelde i Mållaget, eventuelt fekk innbetalingsgiro og annan informasjon.

Sjølv om medlemsregisteret er innarbeidd, er det framleis fleire feil som vi oppdagar og må ta opp med leverandøren for å få retta opp. Vi bruker ein heil del tid på å rydde i medlemsregisteret og kontrollere adresser på returpost. Dette har vore eit viktig bidrag til at fleire har betalt medlemspengekravet.

Sjølv om medlemstilgangen siste året var god, er det vanleg at ein del medlemer forlèt organisasjonen. Nokre melder seg ut, andre lèt vere å betale, og nokre er avlidne. I det oppgjevne medlemstalet er det berre betalande medlemer som er rekna med. Vi sender medlemskrav og to påminningar kvart år. Det er elleve lokallag med lokal innkrevjing og fire lag med lokal distribusjon, resten er inne i det sentrale systemet.

## LAG OG MEDLEMMER

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemer 31. desember):

| | Medlemmer | Endring | Tilgang |
|---|---|---|---|
| 1997 | 10 826 | -287 | 566 |
| 1998 | 10 825 | +26 | 691 |
| 1999 | 11 046 | +194 | 775 |
| 2000 | 11 001 | -45 | 539 |
| 2001 | 10 883 | -118 | 476 |
| 2002 | 10 588 | -306 | 658 |
| 2003 | 10 329 | -259 | 491 |
| 2004 | 10 141 | -188 | 452 |
| 2005 | 10 162 | +21 | 675 |
| 2006 | 10 167 | +5 | 389 |
| 2007 | 10 323 | +156 | 504 |
| 2008 | 10 251 | -72 | 756 |
| 2009 | 10 125 | -126 | 419 |
| 2010 | 10 068 | -57 | 718 |
| 2011 | 10 433 | +365 | 986 |
| 2012 | 12 256 | +1826 | 2027 |

Noregs Mållag skal vidareutvikla www.nm.no, www.nynorskklasse.no, *Norsk Tidend* og det elektroniske nyhendebrevet Nytt om nynorsk slik at dei fungerer som inspirasjonskjelder for målarbeidet lokalt. Vurdera kva som finst av tenlege kommunikasjonsløysingar for å gjera styrearbeid, dokumentutveksling, arkivering m.m. enklare på alle nivå i samskipnaden, og om dette eventuelt kan knytast saman med mållaget sine nettsider.

## PRESSE- OG INFORMASJONSARBEID

I det daglege arbeidet er styret oppteke av at Noregs Mållag skal vere ein del av den aktuelle samfunnsdebatten og ta tak i dei sakene som er viktige for Mållaget. I tillegg blir det jamleg drøft kva saker Mållaget vil ha fram, som gjerne ingen andre tek til orde for. I det daglege har leiar eit hovudansvar for pressearbeidet i styret, i samarbeid med nestleiar. Skrivarstova skriv utkast til tekst, og kjem med framlegg til saker, i tillegg til å ringje til journalistar med framlegg om tips i konkrete saker. Det blir gjort eit ekstra arbeid i samband med landsmøte, haustseminar, utdeling av prisar, reising til lokallag, og i samband med barnehagebesøk. (Sjå oversyn over pressemeldingar og medieoppslag på side 25.)

## NYTT OM NYNORSK

Vi har vidareført ordninga med nyhendebrevet Nytt om nynorsk på e-post. Det er i dag om lag 2500 som står på mottakarlista. Dette er ein kraftig auke sidan i 2011, då det stod godt og vel 400 på mottakarlista. Utgjevingsplanen skal vere om lag kvar 3. veke i dei



*PASSIAR Gro Morken Endresen, Hallvard Hegna, Marie Morken og Magne Aasbrenn under Landsmøtet i Oslo. (Foto: Hege Lothe)*

aktive periodane i året. I 2012 kom det ut tolv nyhendebrev, og vi tenkjer oss at det bør vere fleire utgåver av Nytt om nynorsk i året som kjem. Hovudinnhaldet er nytt frå organisasjonsarbeidet i Mållaget, presseutspel frå oss, nynorsksaker i media og informasjon om gode nettsider på eller om nynorsk. Mottakarane er medlemer, kontaktpersonar og lokallag som har takka ja til å ta imot nyhendebrevet. Vi har også meldt på alle med styreverv i lokal- og fylkeslag. Nytt om nynorsk er eit ope nyhendebrev, og på nettsida www.nm.no kan alle som ynskjer det, melde seg på nyhendebrevet.

## LAGSSENDING

Det er sendt ut elleve lagssendingar på papir i arbeidsåret. Desse vert i tillegg sende ut på e-post til dei lagsleiarane vi har e-postadresse til. Lagssendingane rettar seg inn mot drifta i lokallaga, til dømes årsmeldingsskjema, informasjon om landsmøtet og haustseminaret, loddsal, medlemslister, verving og anna organisasjonsarbeid. Siste året har det vore mykje informasjon om planlegginga av Nynorskstafetten.

## HEIMESIDENE

Adressa til nettsidene til Noregs Mållag er www.nm.no. Vi har også tinga adressene: noregsmallag.no og noregsmållag.no, som også fører til same heimeside. Desse sidene skal både vere ein utoverretta nyhendeportal og ein intern organisasjonsportal. Nettsidene skal vere ein stad der ein kan få oppdatert informasjon om Mållaget både for dei som arbeider med målsak jamleg, og for dei som tilfeldigvis er innom. Det blir jamt arbeidd med å utvikle sidene både i struktur og innhald. Sidene blir oppdaterte med aktuelle saker fleire gonger i veka, både pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyringsfråsegner og andre aktuelle tekstar. Det vart publisert 158 nyhendesaker og om lag 110 kalenderoppslag i 2012. I tillegg kjem oppdatering av eksisterande informasjon på nettsidene, kampanjesider, nyttig informasjon for lokallaga, målpolitiske saker eller nye saksfelt. Det er peika på at heimesidene må bli endå betre til å gje god og nyttig informasjon til lokallaga. Med jamne mellomrom ser vi at media plukkar opp saker henta frå nettsidene våre.

Nettsidene ser dimed ut til å fungere som ein nyttig informasjonskanal til og frå Noregs Mållag. I 2011 var det om lag 18 000 brukarar som var innom nettsidene i løpet av året. Tilsvarande tal for 2012 var 26 703 brukarar. Det daglege brukartalet svingar frå om lag 100 til 150, med dagar både over og under desse brukartala.

## NORSK TIDEND

*Norsk Tidend* er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa vert send ut til medlemene i Noregs Mållag og Norsk Målungdom, og til tingarar av avisa. Avisa kjem ut fem gonger i året, med eit samla sidetal på 140 sider. Opplaget er 13500. Kjartan Helleve er redaktør, og avisa blir redigert etter redaktørplakaten.

Medlemsavisa skal følgje med på utviklinga av nynorsk og språkutviklinga i Noreg, gje informasjon til medlemene i Mållaget, og rapportere om arbeidet laget gjer. Nokre av skribentane har vore faste: Tarjei Vågstøl/Bror-Magnus Sviland Strand/Kringkastingsringen, Vebjørn Sture/leiar i NMU, Håvard B. Øvregård/leiar i Noregs Mållag. Avisa har i tillegg knytt til seg Erlend Skjetne og Knut P. Bøyum som spaltistar. Laurits Killingbergtrø lagar kryssordet og Einar Særeide lagar kryssorda for born. Bladet blir sett av Språksmia og trykt hjå Nr1Trykk. Skrivarstova skriv mykje av det redaksjonelle innhaldet i avisa, men hentar også ein del stoff frå Nynorsk pressekontor.

Nummer 1- 2013 var ei særutgåve. Det vart laga som ei kampanjeavis til utdeling under Nynorskstafetten. Denne utgåva vart trykt i 35 000 eksemplar.

I lag med *Norsk Tidend* blir det sendt med ein gåvegiro eller ein loddgiro. Det er frivillig å betale desse. Dette er ei viktig inntektskjelde for Noregs Mållag. Gjevarane blir takka med namn på eigne gåvesider i avisa.

## NETTSIDER

Nynorskklasse.no er ei informasjonsnettside som er laga av Noregs Mållag, men som har ein sjølvstendig profil. Desse sidene skal gje nyttig informasjon til foreldre og andre som vurderer å få borna sine i nynorskklasse, om kva rettar som finst i lovverket.

Malstreken.no er nettstaden til Målstrek-prosjektet i Valdres. Målstreken er eit treårig pilotprosjekt i regi av Valdres Mållag og Noregs Mållag. Prosjektet er avslutta, men nettsida ligg framleis ute.

I samband med Nynorskstafetten har vi laga ei nettside som heiter nynorskstafetten.no. Denne sida gjev grunnleggjande informasjon om prosjektet. Det er i tillegg laga ein eigen blogg som har meir uhøgtidlege rapportar frå landevegen.

## SOSIALE MEDIUM

I mai 2010 kom Noregs Mållag seg på Twitter. På dagen 125 år etter jamstellingsvedtaket i Stortinget fekk vi eigen twitter-konto. Namnet vårt er @noregsmallag. Vi har i overkant av 1543 følgjarar, og sender ut meldingar med noko ujamne mellomrom. På Facebook har vi ei eiga side, der vi ofte legg ut nyhende frå eigne nettsider. Det er ein jamn auke og no 3250 personar som likar sida vår, og dei får dermed jamleg informasjon frå Noregs Mållag. Vi legg bilete på Flickr frå dei store tilskipingane våre.

> Organisasjonen skal arbeida for at skrivarstova skal koma i eige hus.

I juni 2012 flytta Noregs Mållag inn i nye kontorlokale i Oslo sentrum. Dei lokala vi hadde, skulle rivast, og då måtte vi ut på leigemarknaden. Etter ein stor dugnadsinnsats frå skrivarstova med måling, ombygging og utskifting av møblar der det trongst, har lokala vorte tiltalande og trivelege og både tilsette og tillitsvalde trivst svært godt. Dei nye lokala er romslege og sentrale, og her kan vi huse kurs- og møteverksemd for opp til tretti personar. Kringkastingsringen og Norsk Målungdom deler framleis lokale med oss. I september hadde vi innflyttingsfest, ei vellukka samkome der vi med følgje av mat og underhaldning fekk vist fram lokala til rundt førti gjester frå mållaget og nærskylde organisasjonar.

## LANDSMØTET

Landsmøtet vart lagt til Oslo helga 27. – 29. april. Vi valde å bruke Bondeheimen / Bondeungdomslaget i Oslo og Det Norske Teatret som samarbeidspartnarar. Møtet vart avvikla i Teatersalen til BUL og kveldsstundene var på Teatret med flott framsyning av fotballoperaen til Are Kalvø fredag kveld og festmiddag og dans laurdagen.

Norskfaget og normeringa var dei sakene som fekk flest i tale, og det var ulike syn i salen i båe sakene. I normeringsspørsmålet var landsmøtet delt, medan norskfaget inneheld fleire mindre usemjer der fleirtalet i salen skifte med dei ulike spørsmåla. Mindretalet var tydeleg misnøgd med resultatet og leiinga si handtering av normeringsspørsmålet. Trass i dette var det generelt ein god tone i debattane. Etter initiativ frå styret vart møterammene under landsmøtet kraftig utvida slik at alle som ønskte det, skulle få kome til orde i normeringssaka. Under valet sundagen vart det tidsnaud, og mange utsendingar måtte diverre gå frå møtet før det var slutt. Landsmøtet vedtok seks fråsegner, om meir nynorsk i barnehagane, eit norskfag for framtida, ei framtid med samisk, trusopplæring på nynorsk, språket i Læreplanen Kunnskapsløftet 06 og om endring av lov om stadnamn.

Det møtte 137 utsendingar attåt styret, og samla var det 144 med røysterett på møtet. I tillegg var det 19 registrerte gjester og observatørar. 62 av utsendingane hadde ordet i ordskifta, det høgaste talet på mange år.

Målprisen for 2012 gjekk til Jon Fosse, som diverre ikkje kunne vere til stades på landsmøtet. Han fekk prisen for den viktige forfattarskapen sin og den tydelege rolla si som forsvarar av nynorsk i ulike samanhengar.

Marit Eikemo fekk nynorsk litteraturpris for boka *Samtale ventar!*, og Asbjørn Rydland fekk nynorsk barnelitteraturpris for boka *Med eld i hjartet*.

## MEDIEDEKNING LANDSMØTET

Å ha landsmøte i Oslo kan gje ein fordel med at det er lettare å få pressa til å ta turen innom. Det er likevel ikkje tvil om at vi då også har konkurranse frå alt det andre som skjer i Oslo. Det var knytt størst interesse til at vi fekk kunnskapsminister Kristin Halvorsen på besøk til landsmøtet. Det var oppslag i mellom anna *Dagsnytt*, NTB, NPK, *Bergens Tidende*, *Dag og Tid* og Framtida.no. Det var også veldig bra at Margit Ims møtte Kristin Halvorsen til debatt på ettermiddagssendinga på Østnytt. *Nationen* på nettet hadde fleire oppslag om oss gjennom landsmøtehelga, og det var også store oppslag på nettsidene til *BT* og NRK Sogn og Fjordane.

Vi fekk også NTB-meldingar på litteraturpristildelingane og målprisen, og desse tildelingane har fått mykje notismerksemd i avisene. Marit Eikemo møtte i Dagsnytt 18-studio på fredagskvelden, og det var flott. Vi merka oss at NTB følte dei ikkje kunne gje att grunngjevinga for kvifor Jon Fosse fekk Målprisen av Noregs Mållag på nynorsk. Det vart gjort 15 intervju med lokale mållag og dette gav gode oppslag i lokalavisene. Samla sett bør vi vere godt nøgd med stor mediemerksemd rundt landsmøtet, og vesentleg betre enn ho har vore dei siste åra.

## MATERIELLPRODUKSJON

Nær all materiellproduksjon er knytt til verving eller til aktuelle aksjonar. Sidan det vart råd å melde seg i laget inn via mobiltelefonen, er det ikkje like viktig at moglege medlemer får ein giro. Difor har det blitt trykt opp meir av dei små vervekorta, i tillegg til ein mindre vervefaldar. Den klassiske vervegiroen har likevel kome i fleire opplag og utsjånader. Alle nye medlemer får eit informasjonsark som fortel litt om korleis Mållaget arbeider.

Til Nynorskstafetten vart det laga ei standspakke med bord og telt, klistremerke, ballongar, flygeblad, informasjonsskriv til kommunane, t-skjorter og kampanjejakker. I tillegg vart det laga to nye flygeblad: *Størst av alt er språket* og *Nynorsk i skulen*. Julekorta frå Mållaget vart laga i same uttrykket som resten av stafettilfanget.

Då sidemålssaka vart på sitt mest aktuelle, vart det laga eigne t-skjorter og jakkemerke med *Frå no av er det personleg! #sidemål*.

I tillegg har det vore naudsynt å trykkje opp meir av materiellet frå *Gjennom ord blir verda stor*-kampanjen. Det vart også laga ei notatbok med same slagordet, rekna for sal.




*SIDEMÅL Vebjørn Sture og Janne Nygård gav sitt bidrag til ordskiftet med pamfletten* Kva skal vi med sidemål?

### 4.2 Fylkeslaga

Fylkeslaga i Noregs Mållag skal vera eit bindeledd mellom sentral- og lokalleddet, i tillegg til å driva målarbeid på regionalt nivå. I denne perioden skal fylkeslaga særleg prioritera barnehage- og skulemålsarbeid. Fylkeslaga skal samordne det lokale målarbeidet og inspirera lokale målfolk, mellom anna ved å skipa til seminar og samlingar. Kvart fylkeslag skal fylgja opp landsfemnande kampanjar, med mål om at flest mogleg lokallag tek del i dei. I tillegg bør fylkeslaga vurdera kvar det er høve for å starta nye lag, og samarbeida med nabolokallaga og Noregs Mållag sentralt om lagsskiping.

### 4.3 Lokallaga

Dei lokale mållaga er grunnfjellet i Noregs Mållag. Difor må alt organisasjonsarbeid ha som utgangspunkt å styrkja lokallaga. I perioden skal mållaga gje barnehage- og skulemålsarbeid høg prioritet. Lokallaga skal verva medlemer og gjera målsaka synleg i lokalmiljøet. Dette kan skje gjennom møte og tilskipingar, bøker og skrift, dialekt- og kulturarbeid eller på andre måtar. Mållaga bør samarbeida med lokale målungdomslag der det finst slike, og hjelpa NMU med å skipa slike lag på stader der det ikkje finst. Det er eit mål at flest mogleg lokallag samarbeider med andre og nye organisasjonar, til dømes kor, idrettslag og næringslag. Mållaga bør spreia røynslene med slikt arbeid slik at laga kan læra av kvarandre. Mållaga skal halda årsmøte og senda inn årsmelding kvart år.



*KLAR FOR STAFETT Telemark Mållag har trua på Nynorskstafetten. (Foto: Kjartan Helleve)*

**4.4 Yrkesmållaga**
Arbeidsoppgåvene i programmet høver i varierande grad for yrkesmållaga, som må gripa fatt i dei oppgåvene i programmet som dei ser er viktige på sine område. Det er viktig at yrkesmållaga lagar eit miljø for målarbeid innanfor sine yrkesgrupper. Yrkesmållaga har eit ansvar for å gje Noregs Mållag sentralt innspel om stoda og utfordringar på deira fagområde.

I 2012 leverer laga inn årsmelding for 2011. For 2011 vart det levert inn 137 årsmeldingar frå lokallag og yrkesmållag. Tilsvarande tal for 2010 var 133 årsmeldingar og 123 årsmeldingar for 2009. Vi hadde altså ein auke på fire frå året før. Vi fekk inn årsmelding frå 16 fylkesmållag mot 15 året før. For dei siste tre åra sedd under eitt er det 161 ulike lokal- og yrkesmållag og 17 fylkesmållag som har levert årsmelding.
Laga som ikkje sender inn årsmelding, får ikkje nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden. Mange lag får heller ikkje utbetalt medlemspengane dei har til gode fordi dei ikkje har sendt inn årsmelding. Vi har lagt vekt på å drive aktiv påminning om årsmeldingsskjema til laga. Årsmeldingsskjemaet vårt vart revidert i fjor og vølt opp att noko ved dette årsskiftet. Skjemaet har fått gode tilbakemeldingar. Åtte av laga våre er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

I år er det ikkje skipa nye lag. Det er drøftingar i nokre lag som vi vonar vil bli nye lag eller oppattskipa lag i løpet av året. Varanger Mållag vart skipa opp att med årsmøte på nyåret. Laget har ikkje hatt årsmøte sidan 2006. Det er gledeleg at det blir aktivitet i Finnmark, og ekstra kjekt med tanke på at Nynorskstafetten kjem til Finnmark denne våren. Vi ser at det burde gjennomførast eit større ryddearbeid knytt til formelt å få lagt ned lag som ikkje har vore i aktivitet på mange år. Det er nokre lag som på ulike måtar har slege seg saman gjennom året. Beitstad Mållag i Steinkjer har gått inn i Steinkjer Mållag. Og Rauland Mållag i Vinje har gått inn i Vinje Mållag. Det er også vore drøftingar i Sør-Fron Mållag og Nord-Fron Mållag om samanslåing til Fron Mållag. Denne samanslåingsprosessen blir formalisert vinteren 2013.

**4.5 Nærskylde tiltak**
Arbeidet mellom Noregs Mållag og dei nærskylde tiltaka må koordinerast betre. Dei tillitsvalde som representerer Noregs Mållag i desse organisasjonane, må som hovudregel rapportera til organisasjonen kvart år, og denne rapporteringa må koma fram i årsmeldinga.

Dei nærskylde tiltaka har skrive ein liten tekst om seg sjølv i årsmeldinga, og denne teksten er ikkje ein

del av meldinga frå styret, men eit vedlegg meint som informasjon om organisasjonen/institusjonen. Vi har hatt god kontakt med dei fleste av dei vi oppnemner til andre styre og utval, og styret har også diskutert oppnemningane i breiare omfang på eit styremøte vinteren 2013. Målet med styregjennomgangen var blant anna å sikra kontakt og kunnskapsformidling mellom Mållaget og dei oppnemnde.

## PRESSEMELDINGAR FRÅ STYRET

20.04.12 Janne Nygård innstilt som ny nestleiar i Mållaget
25.04.12 Rydd opp i nynorskstatistikken
26.04.12 Kristin Halvorsen kjem til landsmøtet i Noregs Mållag
27.04.12 Nynorsk litteraturpris 2011 til Marit Eikemo
27.04.12 Nynorsk barnelitteraturpris 2011 til Asbjørn Rydland
28.04.12 Jon Fosse har fått Målprisen 2012
29.04.12 Håvard B. Øvregård held fram som leiar i Mållaget
30.04.12 Ei framtid med samisk
15.05.12 Nynorsk mjølk i nynorsk innpakning
10.09.12 Nøgd med namn på oljefelt
18.09.12 Eit alvorleg åtak på jamstillinga mellom nynorsk og bokmål
04.10.12 Utdanningsdirektoratet vil fjerne eigen sidemålskarakter i ungdomsskulen
08.10.12 Språkåret er eit lyspunkt i eit tamt nynorskbudsjett
22.10.12 AUF vil ha eigen karakter i sidemål
24.11.12 Glede over eigen sidemålskarakter i SV
05.12.12 Læreplan i norsk på høyring
24.01.13 Nasjonal Nynorskstafett startar måndag
06.02.13 Den nye vurderingsordninga vil vere ei svekking av dagens sidemålsordning

## LESARINNLEGG TIL MANGE AVISER

16.05.12 Ekstrapoeng for nynorsk hovudmål: Diskriminering eller rettferd?
17.07.12 Sidemålsordninga må styrkjast
31.10.12 Start sidemålsopplæringa tidleg!
24.01.13 I Språkåret skal Mållaget spreie språkglede over heile landet

## LESARINNLEGG TIL ENKELTAVISER

Dette er ei oversikt over debattinnlegg som har vorte sende til enkelte aviser, ofte knytt til pågåande debattar og utspel.

18.05.12 Ekstrapoeng med nynorsk hovudmål, lesarinnlegg, Håvard B. Øvregård, svar til Riksen, Tidens Krav, Sogn Avis, Nationen,
16.10.12 Kanskje på tide å utforske andre sider ved bygde-Noreg, kronikk av Janne Nygård i NRK Ytring
25.11.12 Krev eigen karakter i nynorsk, sak med Håvard B. Øvregård, Framtida.no, NPK,
08.12.12 Læreplan i norsk på høyring, lesarinnlegg i Nationen, Håvard B. Øvregård

## PRESSEOPPSLAG

Dette er eit utval av saker der Noregs Mållag har vore sentral i saka. Lista er sett opp med dato, overskrift eller eventuelt stikkord om saka, kven i Noregs Mållag som vart intervjua, kvar saka har vore på trykk og når.

19.04.12 Elevene flykter fra nynorsken, stor sak som baserte seg på feil tal og feilregistrering, BT
20.04.12 Vil redde nynorsken, notis, BT, Øvregård
20.04.12 Skandale av Hordaland, Framtida.no, Øvregård
20.04.12 Åtvarar mot feil nynorsktal, framtida.no, Øvregård
21.04.12 Feil i nynorsktal, artikkel, BT, Øvregård
23.04.12 Innstilt som nestleiar, Sogn Avis, Nygård
03.05. Vil ha wordfeud på nynorsk, Kommunal Rapport
08.05.12 - Det nynorske grunnfjellet, framtida.no, Firda, NRK Sogn og Fjordane, Bergens Tidende, NPK, Sogn Avis
08.05.12 Intervju med Hege Lothe om nynorskrapporten om Sogn og Fjordane på ettermiddagssendinga til NRK Sogn og Fjordane og på Vestlandsrevyen
13.05.12 Heiter gården Hol eller Hoel?, artikkel frå NTB, der Mållaget er nemnd som høyringsinnstans, Nationen,
15.05.12 Vestlendingane får nynorsk mjølk, artikkel frå NPK og NTB, framtida.no, Sunnmørsposten, Nationen, NRK Sogn og Fjordane, Firda, Avisa Nordhordland, Vikebladet Vestposten, Aftenposten, Østlands-Posten, Bergensavisen, Haugesunds Avis, Strilen, Sogn Avis,
20.04.12 Sogn og Fjordane kuppar mållaget, NRK Sogn og Fjordane
21.04.12. Nina Berge Rudi inn i styret i Noregs Mållag, Hallingdølen
24.04.12 Kristin Halvorsen til Mållags-landsmøtet, NPK
27.04.12 Intervju med Terje Kjøde på morgonsendinga til NRK Møre og Romsdal
27.04.12 Margit Ims og Kristin Halvorsen i debatt på ettermiddagssendinga til NRK Telemark / Østafjells
27.04.12 Halvorsen lover å styrke nynorsken, artikkel frå NTB + 57 aviser på nett, P4
27.04.12 Prisvinnar Marit Eikemo intervjua på Dagsnytt 18
28.04.12 Håvard B. Øvregård intervjua på NRK Møre og Romsdal
28.04.12 Hege Lothe intervjua på NRK Møre og Romsdal om stipendutdelingane

28.04.12 - Vi må styrke nynorsken, Aftenposten, om landsmøtet og Halvorsen
28.04.12 Målprisen til Jon Fosse, både notis og artikkel frå NTB + 45 aviser på nettet
29.04.12 Håvard B. Øvregård og Janne Nygård er den nye leiarduoen i Noregs Mållag, Nationen
29.04.12 Noregs Mållag røysta ned forslag om droppa nynorsknorm, Nationen
30.04.12 Prisar til Eikemo og Rydland, notis, diverse aviser
30.04.12 Noregs Mållag uroa for samisk, artikkel frå NPK, Nationen, Utdanning,
02.05.12 Noregs Mållag uroa for samisk, NRK Sami Radio,
22.05.12 No får me mjølk att, Strilen, Øvregård
17.09.12 Høgre vil mjuke opp språkreglar i staten, NRK, NPK, Utdanning, Klassekampen, Nationen, Telemarksavisa, P4 med fleire, Øvregård
17.09.12 Høyre vil myke opp sidemålsreglene i staten, NTB
17.09.12 Blømande nynorsk på Voss, eigen dag med nynorsk på Voss Gymnas, Hordaland
23.10.12 Endeleg nynorske skilt på Haukeland, NPK, Øvregård
24.09.12 Diktafonen kan ikke nynorsk, (om taleattkjenning på Haukeland som dei framleis ikkje får til å forstå nynorsk), BA
24.09.12 Wordfeud på nynorsk, NRK Sogn og Fjordane, Nygård
04.10.12 Skuffet over at sidemålskarakteren kan forsvinne, NTB-melding, Sture og Øvregård
09.10.12 - Språkåret er eit lyspunkt i eit tamt nynorskbudsjett, Utdanning, Hallingdølen, Framtida, Valdres, Øvregård
06.10.12 - Må framleis lære å skrive nynorsk, intervju med Mimi Bjerkestrand i Framtida.no
10.09.12 Nynorsk-jubel etter nytt navn på Draupne, Petro med fleire, Øvregård
22.10.12 AUF vil ha eigen sidemålskarakter, NPK, Noregs Mållag godt nøgd, Øvregård
12.11.12 Om nynorsk raudvin, Nationen, Nygård
08.01.13 Om dialektbruk i «Halvbroren», Mållaget tykkjer det er bra med dialektbruk, VG, Øvregård
14.01.13 - Ikkje så uroa (om språkstatistikk), Driva, Arnøy
15.01.13 Intervju med Helga Hjetland på NRK Sogn og Fjordane
21.01.13 Feirer språket hele året, VG
24.01.13 Stafett for nynorsk i Språkåret, NRK Møre og Romsdal
27.01.13 Bli med på den store nynorske karaoken, NRK Møre og Romsdal
28.01.13 Slik feirar dei Ivar Aasen i dag, NRK Møre og Romsdal
28.01.13 Song i gong Nynorskstafetten 2013, Avisa Møre
28.01.13 Direkteinnslag på NRK Møre og Romsdal og kort innslag på Dagsrevyen
31.01.13 «Små glimt fra Norge»-spalta om Nynorskstafetten, VG
06.02.13 Ryddesjau i sidemålsdebatten, NPK, Firda (Janne Nygård og Vebjørn Sture har skrive sidemålspamflett)
07.02.13 Væpna med ord, Firda (om Nynorskstafetten på Vassenden skule), Nygård
08.02.13 Til nynorskkamp, artikkel i Klassekampen, Nygård
08.02.13 Vil ha meir sidemålsundervisning i skulen, Nationen, Nygård
06.02.13 Om Nynorskstafetten i Gloppen, innslag på NRK Sogn og Fjordane
08.02.13 - Dette har vore ein nær perfekt dag for nynorsken, Firda Tidend, Øvregård
11.02.13 Feirar Ivar Aasen med nynorskstafetten, Sogn Avis, Øvregård
12.02.13 Vikjene tykkjer om nynorskens far, Sogn Avis, Øvregård
14.02.13 Trur nynorsken vil tape utan karakterar, Sogn Avis, intervju med Bjørhusdal om norskfaget og høyringa frå Høgskulen i Sogn og Fjordane
14.02.13 - Sviktar nynorskelevane, artikkel i Sogn Avis, om bok frå regjeringa til vgs-elevane nesten berre på bokmål, Lothe og Øvregård
19.02.13 - Ta vare på nynorsken, Ytre Sogn Avis, Kristin Fridtun
19.02.13 - Nynorsken har gode vilkår, Ytre Sogn Avis, Lothe
20.02.13 - Leiarar bør miste jobben på grunn av brot på mållova, NPK, Øvregård

# *Lag og medlemstal*

| Lagsnr. | | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | Endring | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0100 | **AUSTMANNALAGET** | **411** | **408** | **399** | **398** | **412** | **399** | **396** | **447** | **510** | **63** | **14 %** |
| 0101 | Alvdal og Tynset Mållag | 13 | 15 | 28 | 29 | 30 | 27 | 25 | 25 | 25 | 0 | 0 % |
| 0102 | Hadeland Dialekt og Mållag | 16 | 19 | 17 | 20 | 24 | 25 | 22 | 22 | 24 | 2 | 9 % |
| 0103 | Elverum Mållag* | 17 | 16 | 14 | 13 | 13 | 13 | 11 | 12 | 11 | -1 | -8 % |
| 0104 | Folldal Mållag | 31 | 31 | 33 | 33 | 32 | 34 | 34 | 36 | 33 | -3 | -8 % |
| 0105 | Lillehammer Mållag | 35 | 36 | 37 | 40 | 37 | 36 | 41 | 40 | 46 | 6 | 15 % |
| 0106 | Gjøvik og omland Mållag* | 3 | 4 | 4 | 3 | 4 | 5 | 3 | 1 | 3 | 2 | 200 % |
| 0107 | Hamar Dialekt- og Mållag | 39 | 35 | 32 | 32 | 34 | 30 | 32 | 35 | 42 | 7 | 20 % |
| 0108 | Mållaget «Ivar Kleiven» | 40 | 39 | 40 | 36 | 52 | 51 | 57 | 79 | 100 | 21 | 27 % |
| 0110 | Nord-Fron Mållag | 64 | 59 | 57 | 54 | 52 | 52 | 43 | 45 | 49 | 4 | 9 % |
| 0111 | Ringebu Mållag* | 11 | 10 | 7 | 8 | 6 | 5 | 5 | 6 | 6 | 0 | 0 % |
| 0112 | Gausdal Dialekt- og Mållag | 45 | 44 | 41 | 43 | 39 | 33 | 31 | 36 | 39 | 3 | 8 % |
| 0113 | Skjåk Mållag* | 8 | 6 | 6 | 5 | 6 | 6 | 11 | 10 | 10 | 0 | 0 % |
| 0114 | Sør-Fron Dialekt- og Mållag | 36 | 37 | 35 | 36 | 38 | 35 | 31 | 35 | 38 | 3 | 9 % |
| 0115 | Toten Dialekt- og Mållag | 3 | 3 | 3 | 2 | 3 | 3 | 3 | 19 | 25 | 6 | 32 % |
| 0116 | Trysil Mållag* | 2 | 2 | 3 | 4 | 4 | 4 | 4 | 3 | 6 | 3 | 100 % |
| 0117 | Tynset Mållag (slege saman med Alvdal) | 14 | 15 | 0 | 0 | 0 | | | | | | |
| 0118 | Odal Mållag* | 3 | 3 | 2 | 3 | 2 | 2 | 3 | 2 | 4 | 2 | 100 % |
| 0119 | Lesja og Dovre Dialekt- og Mållag | 31 | 34 | 38 | 37 | 36 | 37 | 37 | 36 | 38 | 2 | 6 % |
| 0199 | Direktemedlemer Austmannalaget | 0 | 0 | 2 | 0 | 0 | 1 | 3 | 5 | 11 | 6 | 120 % |
| | | | | | | | | | | | | |
| 0200 | **VALDRES MÅLLAG** | **146** | **143** | **145** | **158** | **163** | **174** | **167** | **174** | **226** | **52** | **30 %** |
| 0201 | Etnedal Mållag * | 24 | 21 | 23 | 24 | 23 | 29 | 28 | 33 | 38 | 5 | 15 % |
| 0202 | Nord-Aurdal Mållag | 53 | 55 | 56 | 51 | 49 | 50 | 53 | 56 | 86 | 30 | 54 % |
| 0204 | Sør-Aurdal Mållag | 11 | 13 | 15 | 15 | 18 | 17 | 20 | 22 | 24 | 2 | 9 % |
| 0205 | Vang Mållag | 13 | 12 | 13 | 27 | 27 | 30 | 25 | 28 | 33 | 5 | 18 % |
| 0206 | Vestre Slidre Mållag* | 17 | 15 | 14 | 16 | 16 | 16 | 16 | 13 | 18 | 5 | 38 % |
| 0207 | Øystre Slidre Mållag | 28 | 27 | 24 | 24 | 30 | 32 | 25 | 22 | 26 | 4 | 18 % |
| 0299 | Direktemedlemer Valdres Mållag | | | | 1 | | | 0 | 0 | 1 | 1 | |
| | | | | | | | | | | | | |
| 0300 | **BUSKERUD MÅLLAG** | **346** | **396** | **387** | **382** | **375** | **372** | **372** | **373** | **391** | **18** | **5 %** |
| 0300 | Direktemedlemer Buskerud Mållag | 1 | 0 | 0 | 0 | 2 | 2 | 4 | 6 | 9 | 3 | 50 % |
| 0301 | Drammen og Eiker Mållag | 22 | 24 | 24 | 25 | 26 | 27 | 29 | 31 | 42 | 11 | 35 % |
| 0302 | Gol Mållag | 51 | 57 | 52 | 51 | 45 | 44 | 45 | 50 | 47 | -3 | -6 % |
| 0303 | Hemsedal Mållag | 77 | 105 | 104 | 98 | 92 | 96 | 102 | 105 | 106 | 1 | 1 % |
| 0304 | Hol Mållag* | 36 | 37 | 38 | 39 | 41 | 40 | 40 | 36 | 39 | 3 | 8 % |
| 0307 | Rollag Mållag* | 29 | 27 | 27 | 29 | 30 | 28 | 29 | 27 | 29 | 2 | 7 % |
| 0308 | Ål Mållag* | 130 | 146 | 142 | 140 | 139 | 135 | 123 | 118 | 119 | 1 | 1 % |
| | | | | | | | | | | | | |
| 0400 | **VIKVÆRINGEN** | **1064** | **1056** | **1051** | **1154** | **1043** | **1014** | **1044** | **1064** | **1332** | **268** | **25 %** |
| 0400 | Direktemedlemer Vikværingen | | | | | | 1 | 4 | 7 | 11 | 4 | 57 % |
| 0401 | BUL i Oslo | 501 | 496 | 469 | 570 | 423 | 388 | 435 | 434 | 416 | -18 | -4 % |
| 0402 | Bærum Mållag | 52 | 53 | 50 | 48 | 53 | 50 | 50 | 50 | 70 | 20 | 40 % |
| 0405 | Oslo Mållag | 187 | 196 | 220 | 213 | 243 | 244 | 240 | 260 | 443 | 183 | 70 % |
| 0406 | Teatermållaget | 64 | 63 | 58 | 59 | 50 | 54 | 54 | 52 | 53 | 1 | 2 % |
| 0407 | Asker Mållag | 32 | 31 | 35 | 36 | 34 | 35 | 30 | 27 | 34 | 7 | 26 % |
| 0409 | Øvre Romerike Mållag | 26 | 30 | 30 | 29 | 28 | 28 | 22 | 28 | 41 | 13 | 46 % |
| 0410 | Ås Mållag | 49 | 52 | 54 | 56 | 57 | 53 | 56 | 55 | 68 | 13 | 24 % |
| 0412 | Lørenskog Mållag | 20 | 27 | 30 | 25 | 23 | 24 | 15 | 12 | 16 | 4 | 33 % |
| 0413 | Follo Mållag | 40 | 40 | 42 | 37 | 39 | 41 | 40 | 42 | 51 | 9 | 21 % |
| 0414 | Sandefjord og Sandar Mållag | 65 | 38 | 34 | 54 | 64 | 67 | 71 | 70 | 83 | 13 | 19 % |
| 0415 | Nøtterø Mållag* | 2 | 2 | 3 | 3 | 2 | 1 | 2 | 2 | 2 | 0 | 0 % |
| 0416 | Bakkenteigen Mållag (skipa 2011) | | | | | | | | | 19 | 19 | |

| Lagsnr. | | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | Endring | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **9807** | **Skedsmo Mållag** | **26** | **28** | **26** | **24** | **27** | **28** | **25** | **25** | **25** | **0** | **0 %** |
| **0500** | **TELEMARK MÅLLAG** | **553** | **507** | **524** | **512** | **499** | **485** | **452** | **473** | **529** | **56** | **12 %** |
| 0501 | Bø Mållag | 68 | 68 | 72 | 69 | 67 | 66 | 60 | 60 | 72 | 12 | 20 % |
| 0502 | Mållaget Dag | 43 | 51 | 51 | 52 | 55 | 58 | 56 | 51 | 56 | 5 | 10 % |
| 0503 | Drangedal Mållag | 26 | 22 | 23 | 23 | 22 | 21 | 20 | 19 | 24 | 5 | 26 % |
| 0504 | Heddal/Notodden Mållag* | 25 | 23 | 24 | 23 | 20 | 19 | 13 | 19 | 17 | -2 | -11 % |
| 0505 | Hjartdal Mållag* | 27 | 25 | 23 | 24 | 18 | 21 | 19 | 17 | 18 | 1 | 6 % |
| 0506 | Kviteseid Mållag* | 44 | 37 | 34 | 33 | 31 | 33 | 33 | 34 | 35 | 1 | 3 % |
| 0507 | Lunde Mållag* | 9 | 8 | 7 | 8 | 8 | 7 | 4 | 5 | 4 | -1 | -20 % |
| 0508 | Nes Mållag | 35 | 34 | 36 | 34 | 36 | 32 | 29 | 34 | 47 | 13 | 38 % |
| 0509 | Norskdomslaget i Porsgrunn (utmeld 05) | 45 | 0 | 0 | | | | | | | | |
| 0510 | Rauland Mållag* (inn i Vinje Mållag i 12) | 18 | 18 | 20 | 18 | 18 | 15 | 13 | 15 | | -15 | -100 % |
| 0511 | Seljord Mållag | 36 | 47 | 41 | 40 | 36 | 34 | 37 | 36 | 45 | 9 | 25 % |
| 0512 | Vinje Mållag | 71 | 64 | 71 | 65 | 66 | 62 | 64 | 76 | 96 | 20 | 26 % |
| 0513 | Tokke Mållag | 26 | 25 | 28 | 28 | 26 | 22 | 19 | 21 | 25 | 4 | 19 % |
| 0514 | Tinn Dialekt- og Mållag | 43 | 39 | 39 | 39 | 39 | 40 | 35 | 33 | 35 | 2 | 6 % |
| 0515 | Nissedal Mållag | 27 | 38 | 48 | 49 | 50 | 48 | 42 | 46 | 44 | -2 | -4 % |
| 0516 | Fyresdal Mållag* | 10 | 8 | 7 | 7 | 7 | 7 | 7 | 6 | 6 | 0 | 0 % |
| 0599 | Direktemedlemer Telemark Mållag | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 1 | 5 | 4 | 400 % |
| **0600** | **AUST-AGDER MÅLLAG** | **299** | **296** | **284** | **291** | **290** | **291** | **290** | **300** | **330** | **30** | **10 %** |
| 0601 | Austegdelaget | 63 | 58 | 53 | 51 | 47 | 44 | 41 | 42 | 40 | -2 | -5 % |
| 0602 | Bygland Mållag | 42 | 39 | 46 | 46 | 45 | 43 | 46 | 48 | 58 | 10 | 21 % |
| 0603 | Gjerstad Mållag* | 25 | 26 | 23 | 22 | 28 | 22 | 23 | 25 | 28 | 3 | 12 % |
| 0605 | Landvik Mållag | 52 | 52 | 44 | 55 | 47 | 53 | 42 | 48 | 56 | 8 | 17 % |
| 0606 | Valle Mållag | 38 | 38 | 40 | 39 | 37 | 38 | 47 | 45 | 42 | -3 | -7 % |
| 0607 | Vegusdal Mållag | 16 | 19 | 15 | 13 | 14 | 15 | 14 | 18 | 17 | -1 | -6 % |
| 0608 | Åmli Mållag | 32 | 32 | 32 | 33 | 32 | 34 | 34 | 32 | 39 | 7 | 22 % |
| 0609 | Vegårshei Mållag | 17 | 19 | 19 | 20 | 21 | 20 | 20 | 19 | 21 | 2 | 11 % |
| 0610 | Bykle Mållag | 13 | 13 | 12 | 12 | 18 | 21 | 19 | 21 | 27 | 6 | 29 % |
| 0698 | Direktemedlemer Aust-Agder Mållag | 1 | 0 | 0 | | 1 | 1 | 4 | 2 | 2 | 0 | 0 % |
| **0700** | **VEST-AGDER MÅLLAG** | **460** | **447** | **509** | **522** | **520** | **516** | **528** | **538** | **576** | **38** | **7 %** |
| 0701 | Lindesnes Ungdomslag* | 50 | 50 | 80 | 74 | 74 | 76 | 76 | 76 | 76 | 0 | 0 % |
| 0702 | Evje og Hornnes Mållag | 48 | 51 | 51 | 52 | 47 | 49 | 44 | 48 | 49 | 1 | 2 % |
| 0703 | Flekkefjord Ungdomslag og Mållag | 50 | 45 | 47 | 39 | 42 | 44 | 44 | 43 | 41 | -2 | -5 % |
| 0705 | Iveland Mållag* | 17 | 16 | 17 | 16 | 18 | 16 | 19 | 21 | 20 | -1 | -5 % |
| 0706 | Mållaget i Kristiansand | 83 | 81 | 84 | 97 | 101 | 105 | 119 | 116 | 129 | 13 | 11 % |
| 0707 | Kvinesdal Mållag | 13 | 12 | 23 | 35 | 32 | 27 | 23 | 20 | 21 | 1 | 5 % |
| 0708 | Marnar Mållag | 42 | 41 | 40 | 45 | 47 | 43 | 42 | 46 | 55 | 9 | 20 % |
| 0709 | Songdalen Mållag | 41 | 36 | 37 | 35 | 31 | 32 | 29 | 31 | 33 | 2 | 6 % |
| 0710 | Søgne Mållag* | 33 | 30 | 30 | 25 | 20 | 23 | 23 | 21 | 17 | -4 | -19 % |
| 0711 | Vennesla Dialekt- og Mållag | 11 | 10 | 24 | 25 | 27 | 27 | 23 | 20 | 23 | 3 | 15 % |
| 0712 | Lista Mållag | 16 | 16 | 21 | 22 | 24 | 21 | 22 | 23 | 30 | 7 | 30 % |
| 0713 | Grindheim Mållag | 19 | 23 | 22 | 26 | 23 | 20 | 23 | 18 | 17 | -1 | -6 % |
| 0714 | Åseral Mållag* | 11 | 10 | 9 | 9 | 9 | 10 | 16 | 15 | 15 | 0 | 0 % |
| 0715 | Sirdal Mållag* | 8 | 8 | 7 | 7 | 8 | 7 | 9 | 9 | 9 | 0 | 0 % |
| 0716 | Tingvatn Mållag* | 18 | 18 | 17 | 15 | 15 | 14 | 13 | 16 | 20 | 4 | 25 % |
| 0717 | Kvås Mållag (skipa 2011)* | | | | | | | | 15 | 17 | 2 | 13 % |
| 0799 | Direktemedlemer Vest-Agder Mållag | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 2 | 3 | 0 | 4 | 4 | |

| Lagsnr. | | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | Endring | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **0800** | **ROGALAND MÅLLAG** | **1 031** | **1 050** | **1 023** | **1 017** | **1 049** | **1 034** | **1 005** | **1 025** | **1096** | **71** | **7 %** |
| 0801 | BUL i Stavanger | 130 | 121 | 121 | 119 | 120 | 115 | 105 | 109 | 104 | -5 | -5 % |
| 0802 | Dalane Mållag* | 41 | 38 | 33 | 33 | 29 | 28 | 26 | 27 | 27 | 0 | 0 % |
| 0803 | Finnøy Mållag* | 19 | 21 | 20 | 18 | 16 | 16 | 15 | 14 | 16 | 2 | 14 % |
| 0804 | Forsand Mållag* | 28 | 29 | 23 | 28 | 28 | 26 | 26 | 27 | 23 | -4 | -15 % |
| 0805 | Gjesdal Mållag | 70 | 69 | 67 | 64 | 62 | 60 | 61 | 56 | 57 | 1 | 2 % |
| 0806 | Hjelmeland Mållag | 61 | 69 | 61 | 60 | 57 | 56 | 49 | 58 | 57 | -1 | -2 % |
| 0807 | Sandnes Mållag | 94 | 99 | 95 | 92 | 91 | 101 | 98 | 101 | 107 | 6 | 6 % |
| 0808 | Hå Mållag* | 27 | 48 | 52 | 50 | 48 | 48 | 43 | 39 | 46 | 7 | 18 % |
*Prosjektmedarbeidar Nynorskstafetten:* Marianne Granheim Trøyflat (frå 17.09.12 til 31.01.13)




*LANDSMØTE Landsmøtet 2012 samla i BUL-salen i Oslo (Foto: Hege Lothe)*

**NEMNDER OG UTVAL**
Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2012-2013. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore, og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje førte opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av arbeidsutvalet eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

**NEMND FOR NYNORSK BARNELITTERATURPRIS**
Anne Marit Godal (10-13)
Arild Torvund Olsen (11-14)
Anne Skaret (12-15)

**NEMND FOR NYNORSK LITTERATURPRIS**
Ove Eide (12-15)

**FONDET FOR NORSK MÅLREISING**
Håvard Teigen, leiar (03-13)
Eva Holthe Enoksen (11-13)
Jens Romslo (11-13)

**RÅDET FOR NYNORSK KULTURSENTRUM**
Wegard Harsvik (01.01.11 - 31.12.13)
*Vara:* Bente Riise (01.01.12 - 31.12.13)

**STIFTINGA MAGASINETT**
Viviann Kjøpstad (07-13)
**STIFTINGA PIRION**
Viviann Kjøpstad (07-13)

**RÅDET FOR NORSK BARNEBLAD**
Gudrun Kløve Juuhl (10-14)
Gard Espeland (12-14)
*Vara:*
Synnøve Midtbø Myking (12-14)
Åse Wetås (12-14)

**STYRET FOR NORSK BARNEBLAD**
Ingvild Kjøde (12-14)
*Vara:* Magnus Bernhardsen (12-14)

**VALNEMNDA FOR DET NORSKE TEATRET**
Aud Søyland (13-15)

**NYNORSK PRESSEKONTOR**
Hege Myklebust (09-13)

Eli Strand (12-14)
*Vara:*
Sjur Mossige (09-13)
Sindre Humberset (09-14)

**HALLDOR O. OPEDALS FOND**
Karstein Bjørge (12-16)

**SANDEFJORD OG SANDARS LEGAT**
Daniel Ims (01.01.12 – 31.12.14)

**AKADEMIFONDET I RAULAND**
Sigbjørn Hjelmbrekke (01.01.09 – 31.12.13)
vara: Ågot Jordstøyl (01.01.09 – 31.12.13)

**OSLO NYE SPAREBANKS FOND**
Erik Bolstad (01.01.10 – 31.12.14)
*Vara:* Jens Kihl (01.01.10 – 31.12.14)

**ANNE RØFLO LONGVA OG ALF ANDRE LONGVAS FOND**
Janne Nygård (11-13)
*Vara:* Ingebjørg Før Gjermundsen (11-13)

**RIKSFONDET FOR NYNORSK PRESSE**
Inger Johanne Sæterbakk (07-13)
Bjørn Karsrud (12-13)

**VESTMANNAFONDET**
Åsmund Lien (06-14)

**JURY FOR NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS**
Sveinung Rotevatn (leiar)
Berit Rekve
Grethe Lerum
Trond Høiås
Nina Refseth

**SKULEMÅLSNEMNDA**
Terje Kjøde (leiar)
Åse Wetås
Nils Ulvund
Tom Arnt Lindeland
Maria Svendsen (NMU)

# *Reiseverksemda*

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i arbeidsperioden. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførte. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing i 2012.

| DATO | STAD | TILSKIPING | REPRESENTANT |
|---|---|---|---|
| 08.03. | Oslo | Møte med førskulelærarstudentar og prisutdeling beste nynorske fotohistorie | Øvregård |
| 23.03. | Tysvær | Besøk i barnehagar og på ungdomsskule | Øvregård |
| 29.03. | Oslo | Årsmøte i Kringkastingsringen | Øvregård |
| 11.04. | Meland | Besøk i barnehage, skule og SFO. Møte med barnehagestyrarar. | Øvregård |
| 14.04. | Tromsø | Årsmøte Troms og Finnmark Mållag | Kihl |
| 16.04. | Oslo | Møte med NRK Super | Endresen |
| 21.-22.04. | Oslo | Landsmøte i Noregs Ungdomslag | Øvregård |
| 25.04. | Oslo | Avslutning av Rasmus Løland-markeringa | Øvregård |
| 26.04. | Oslo | Årsmøte i Litteraturselskapet Det Norske Samlaget | Øvregård, Kihl |
| 08.05. | Sogndal | Presentasjon av nynorskrapport for Fylkestinget i Sogn og Fjordane | Lothe |
| 10.05. | Sogndal | Seminar om nynorsk og finans i regi av Høgskulen | Lothe |
| 29.05. | Bergen | Seminar om kva slags forskning nynorsken treng, i regi av Universitetet og UH-nett Vest | Endresen |
| 30.05. | Oslo | Nynorsk bar med innleiing frå Mållaget | Nygård |
| 01.06. | Gardermoen | Nynorsksenteret, fagrådsmøte | Øvregård |
| 05.06. | Oslo | KD, ressursgruppe for nynorsk som hovudmål | Øvregård |
| 06.06. | Oslo | Nynorsk kultursentrum, seminar om Språkåret 2013. | Øvregård |



*STAFETTOPNING Nynorskstafetten tok til i Ørsta 28. januar. Trass i surt vér, var oppmøtet godt ved markeringa ved Aasen-statuen. (Foto: Kjartan Helleve)*

| DATO | STAD | TILSKIPING | REPRESENTANT |
|---|---|---|---|
| 14.06. | Oslo | Nynorsk pressekontor, informasjonslunsj for stiftarane | Øvregård |
| 14.06. | Skien | Dag Bondeheim, generalforsamling | Endresen |
| 15.06. | Asker | Gjesting til Einfrid Perstølen på 95-årsdagen | Øvregård |
| 15.06. | Oslo | Møte om stadnamnlova med stortingsrepresentant Gunn Karin Gjul | Øvregård |
| 19.06. | Oslo | Møte med Lærarmållaget om samarbeid | Øvregård |
| 28.06. | Ørsta | Nynorsk forum | Øvregård |
| 28.06.-21.07. | Ørsta | Dei nynorske festspela | Øvregård, Rudi, Kjøde, Sture, Hjetland |
| 02.07. | Oslo | Føredrag for den internasjonale sommarskulen | Nygård |
| 04.07. | Telefon | Generalforsamling Longva-fondet | Endresen |
| 11.07. | Sogndal | Innleiing for Norsk Målungdom, sommarleir | Lothe |
| 14.08. | Naustdal | Møte med nyskipa idrettsbarnehage | Lothe |
| 16.-17.08. | Ørsta | Møte med landsmøtesamarbeidspartnarar | Kjøde, Endresen |
| 20.08. | Oslo | KD, ressursgruppe for nynorsk som hovudmål | Øvregård |
| 25.08. | Sandvika | Bærum Mållag, bydagane i Sandvika, appell frå Mållaget | Nygård |
| 05.09. | Bryne | Opning av Garborgsenteret | Øvregård |
| 13.09 | Bø | Innleiing for representantskapen i Telemark SV | Hjelmbrekke |
| 18.09. | Bergen | Fellesmøte for lokallaga i og rundt Bergen om Språkåret 2013 | Øvregård, Endresen |



*KONTOROPNING I september flytta skrivarstova inn i nye lokale i Oslo. Her seier leiar Håvard B. Øvregård nokre ord. (Foto: Hege Lothe)*

| DATO | STAD | TILSKIPING | REPRESENTANT |
|---|---|---|---|
| 24.09. | Oslo | KD, ressursgruppe for nynorsk som hovudmål | Øvregård |
| 24.09. | Oslo | Møte i Forum for nynorsk i opplæringa (Udir) | Øvregård, Endresen |
| 26.09. | Ørsta | Årstale for nynorsk skriftkultur v/ Ottar Grepstad | Kjøde |
| 27.09. | Oslo | Målbar "Kven eig språket?" Mållaget i panelet. | Øvregård |
| 15.10. | Oslo | Debatt / Det norske akademi for sprog og litteratur. Noregs Mållag i panelet. | Øvregård |
| 17.10. | Oslo | Nynorsk forum | Øvregård, Endresen |
| 19.10. | Drammen | Haustkonferanse Norsk Målungdom | Øvregård |
| 22.10. | Seljord | Telemark Mållag om Språkåret 2013 | Helleve |
| 25. – 26.10. | Oslo | Nynorskkonferansen i regi av Nynorsksenteret | Øvregård, Arnøy, Tennø og Endresen |
| 26. – 27.10 | Bygland | Kulturkveld og haustseminar for Mållaga på Agder | Hjelmbrekke |
| 27.10. | Oslo | Jubileumsfest Dag og Tid | Øvregård |
| 30.10. | Oslo | KD, ressursgruppe for nynorsk som hovudmål | Øvregård |
| 3. – 4.11. | Ulsteinvik | Seminar for fylkeslaga Nordmøre, Romsdal, Sunnmøre og Sogn og Fjordane | Øvregård, Nygård og Kjøde |
| 8.11. | Oslo | Lansering av nynorsk raudvin | Nygård |
| 13.11. | Oslo | Språkdagen, årleg tilskiping frå Språkrådet | Øvregård, Endresen, Krogh, Østvedt |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 19.11. | Oslo | Høgskolen i Oslo og Akershus, føredrag for føreskulelærarstudentane | Øvregård |
| 27.11. | Stavanger | Møte om stafetten med lokalllaga i Rogaland | Østvedt, Trøyflat |
| 27.11. | Oslo | KD, ressursgruppe for nynorsk som hovudmål | Øvregård |
| 28.11. | Oslo | Møte med NRK Super | Øvregård og Endresen |
| 29.11. | Volda | Nynorsksenteret, fagrådsmøte | Øvregård |
| 3.12. | Oslo | Møte med TV2 | Øvregård |
| 4.12. | Oslo | Kåring av årets nynorskkommune | Øvregård |
| 5.12. | Oslo | Årsmøte i Frivillighet Norge | Øvregård |
| 10.12. | Oslo | Møte med NRK, kringkastingssjefen | Øvregård, Sture, Endresen |
| 12.12. | Oslo | Norsk Ordbok 2014 | Øvregård |
| **2013** | | | |
| 02.01. | Kristiansand | Opning av Språkåret 2013 | Øvregård og Endresen |
| 08.01. | Oslo | 100-årsjubileum for Idrottslaget i Bondeungdomslaget i Oslo | Øvregård |
| 10.01. | Arna | Barnehagebesøk | Øvregård |
| 17.01. | Oslo | Føredrag for amerikanske studentar | Øvregård |
| 24.01. | Bø | Telemark Mållag, paneldebatt om nynorsken i Telemark | Øvregård |
| 05.03. | Oslo | Årsmøte i Fylkesmållaget Vikværingen | Endresen |

# *Besøksliste Nynorskstafetten*

| **DATO** | **STAD** | **REPRESENTANT** |
|---|---|---|
| 28.01. | Ørsta / Volda | Øvregård, Endresen, Helleve, Arnøy |
| 29.01. | Vanylven | Øvregård |
| 30.01. | Ulsteinvik / Hareid | Øvregård |
| 31.01. | Herøy | Øvregård |
| 01.02. | Solnør i Skodje | Øvregård |
| 02.02. | Ålesund | Øvregård |
| 04.02. | Sykkylven | Øvregård |
| 05.02. | Brattvåg | Øvregård |
| 06.02. | Gloppen | Øvregård, Lothe |
| 07.02. | Jølster | Øvregård, Nygård |
| 08.02. | Førde | Øvregård |
| 09.02. | Vik | Øvregård |
| 11.02. | Luster | Lothe |
| 12.02. | Lærdal | Lothe |
| 13.02. | Sogndal | Lothe |
| 14.02. | Høyanger | Lothe, Hjetland |
| 15.02. | Nordfjordeid | Lothe |
| 16.02. | Flora | Lothe |
| 24.02. | Fræna/Elnesvågen | Arnøy |
| 25.02. | Molde | Arnøy |
| 26.02. | Kristiansund | Arnøy |
| 27.02. | Surnadal | Arnøy |
| 28.02. | Ålvundfjord | Arnøy |
| 01.03. | Åndalsnes | Arnøy |
| 02.03. | Lesja og Dovre | Arnøy |
| 05.03. | Vågå | Kjøde |
| 06.03. | Vinstra | Kjøde, Rudi |
| 07.03. | Gausdal | Kjøde |
| 08.03. | Lillehammer | Øvregård |

# Norsk Målungdom

Arbeidsperioden 2012-2013 har vore eit godt år for Norsk Målungdom. Vi har snudd fleire års medlemsnedgang til solid vekst, og opplever at det målpolitiske arbeidet vårt gjev resultat.

**POLITIKK**

Det utetterretta politiske arbeidet har i hovudsak handla om revisjonen av læreplanen i norsk. Vi har gjennom heile året freista påverka korleis høyringsutkastet til slutt skulle bli, og deretter teke del i høyringsrunden. Dei viktigaste krava våre har vore tidleg sidemålsopplæring, betre grunngjeving for sidemål i føremålet for faget, og jamstilte kompetansemål og vurderingsordningar for nynorsk og bokmål. På sumaren byrja også avtroppande leiar Janne Nygård og påtroppande leiar Vebjørn Sture arbeidet med ein pamflett om sidemål, som kom ut på Samlaget i februar.

Elles har vi fått gjennomslag for kravet om nynorskutgåve av mobilspelet Wordfeud, som NMU-landsmøtet på Voss i 2012 sette på dagsorden. Vidare har vi kjempa mot språkleg diskriminering, mellom anna ved å leggje til rette for at elevar og studentar enkelt kan melde frå om brot på lovfesta språklege rettar. Vi er også nøgde med å ha sett i gang eit meir strukturert oppfølgingsarbeid overfor ungdomspartia. Utan at på langt nær all ære tilhøyrer oss, noterer vi oss at ei rekkje ungdomsparti har gjort gode vedtak om sidemål.

**ORGANISASJON**

I 2012 hadde Norsk Målungdom – for fyrste gong sidan 2008 – over 1000 betalande medlemer under 26 år. Dette utgjer ein oppgang på over 25 % frå 2011, og ekstra gledeleg er det at tilsiget av nye medlemer har vore relativt jamt fordelt utover året. Vi har også hatt ein tydeleg auke i talet på både skulestartaksjonar og presseoppslag.

Vi ser oss også nøgde med at den gode deltakinga på tilskipingane sedd under eitt held fram, jamvel om oppmøtet var noko meir ujamt fordelt gjennom denne perioden enn året før. Elles er det verdt å nemne at jamvel om sentralstyret for andre året på rad har vore relativt lite, har målferdreisinga vore høgt prioritert, med rundt 60 skulevitjingar totalt gjennom perioden – frårekna Nynorskstafetten.



***SAMDE** Landsmøtet til Norsk Målungdom på Voss. (Foto: Odin Hørthe Omdal)*

## *Medlemer per fylke*

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Vest-Agder | 51 | 45 | 47 | 48 |
| Aust-Agder | 20 | 14 | 18 | 23 |
| Østfold | 10 | 8 | 6 | 6 |
| Buskerud | 14 | 21 | 14 | 13 |
| Finnmark | 4 | 4 | 4 | 9 |
| Hedmark | 12 | 8 | 13 | 18 |
| Hordaland | 287 | 242 | 214 | 273 |
| Møre og Romsdal | 81 | 87 | 77 | 131 |
| Nord-Trøndelag | 10 | 8 | 8 | 23 |
| Nordland | 20 | 12 | 6 | 11 |
| Oppland | 24 | 24 | 24 | 29 |
| Oslo | 235 | 196 | 195 | 217 |
| Rogaland | 158 | 128 | 123 | 125 |
| Sogn og Fjordane | 154 | 128 | 165 | 169 |
| Sør-Trøndelag | 87 | 99 | 65 | 87 |
| Telemark | 46 | 31 | 33 | 27 |
| Troms | 22 | 15 | 9 | 19 |
| Utlandet | 10 | 5 | 8 | 8 |
| Vest-Agder | 29 | 34 | 32 | 33 |
| Vestfold | 2 | 3 | 5 | 6 |
| **Sum** | **1276** | **1112** | **1066** | **1275** |

## *Lokallag i 2012*

| | **Medlemer** |
|---|---|
| Ås studentmållag | 16 |
| Grimstad Målungdom | 10 |
| Bergen Målungdom | 36 |
| Studentmållaget i Bergen | 104 |
| Norsk Målungdom Ålesund og omland | 39 |
| Målungdomen i Oslo | 27 |
| Studentmållaget i Oslo | 162 |
| Målsiddisanen (Stavanger) | 42 |
| Kongsgård Elevmållag (Stavanger) | 12 |
| Firda Målungdom (Sandane) | 63 |
| Studentmållaget i Nidaros | 69 |
| Ager Målungdom | 16 |
| Katta Målungdom (Oslo) | 25 |
| Sunnhordland Målungdom | 49 |
| Alta Målungdom | 6 |
| Ryfylke Målungdom | 21 |
| Skibladner Målungdom (Hamar) | 11 |
| hEiderleg Målungdom (Eid) | 15 |
| Søre Sunnmøre Målungdom | 57 |

# Nærskylde tiltak

## *Dag og Tid*

Dag og Tid AS gjev ut den frie vekeavisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Dag og Tid har vore i jamn og god vekst dei siste åra, og nådde i 2012 eit opplag på 9132 eksemplar, det høgaste nokon gong.

Selskapet gjev av og til også ut forlagsprodukt, slik som Nøkkel til nynorsk. Språknøkkelen kom i 2012 i ny utgåve i samband med at den nye nynorsknormalen tok til å gjelde.

## *Det Norske Samlaget*

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Forlaget gav i 2012 ut rundt 200 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og lærebøker til grunnskole, vidaregåande skule og høgare utdanning. Som ein del av ei større omstilling selde Samlaget i mai 2012 ut skulebokverksemda si til Fagbokforlaget. Dei resterande avdelingane er att i Samlaget. Tre av bøkene frå Samlaget blei i fjor nominert til Brageprisen, og Jakob og Neikob av Kari Stai vann prisen i kategorien for barn- og ungdomslitteratur. Fleire andre av Samlagsforfattarane har fått prisar og utmerkingar, og forlaget har i dag ei svært god rekruttering av nye forfattarar. Sakprosaseksjonen sette i 2011 i gang ein eittårig nynorsk sakprosaskule i samarbeid med Norsk Faglitterær Forfatter- og Oversetterforening (NFFO), som blei avslutta i 2012. Samlaget gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet var 2300.

Leiar i styret for forlaget var Kari Bjørke og for Litteraturselskapet John-Ragnar Aarset. Edmund Austigard er forlagsdirektør.Aud Søyland vart utnemnd som heidersmedlem i Det Norske Samlaget i 2012.

## *Det Norske Teatret*

2012 har vore prega av svært høg aktivitet på Det Norske Teatret. Vi har hatt heile 37 ulike produksjonar, av dei var 28 eigenproduksjonar og fleire samarbeidsproduksjonar. Vi har lansert fleire nye kunstnarlege satsingar, og desse har gjort sitt til at Det Norske Teatret står fram som eit spennande teater i god utvikling. Samla tilskodartal for Det Norske Teatret i 2012 var 223 515.

Tilskotet frå staten til teaterdrifta var om lag 149 mill. kroner. Nina Refseth er styreleiar ved teatret, Erik Ulfsby er teatersjef og Astrid Driva Rødsand er direktør.

I 2013 fyller Det Norske Teatret 100 år. Dette vil vi markere med ulike arrangement gjennom året, i tett samarbeid med Språkåret 2013 og dei nærskylde nynorskorganisasjonane. Hovudoverskrifta for jubileumsmarkeringa skal vere: Det Norske Teatret – i kamp for mangfald.

## *Framtida.no*

Framtida.no er ein nettstad med nytt for unge som vart starta opp hausten 2010. Nettstaden vert drifta av LNK og ABC Startsiden. Framtida nådde inntektsmål og mål for tal på brukarar med god margin i meldingsåra.

I løpet av 2012 har over 200.000 unike brukarar vore innom Framtida.no. Det er 30.000 fleire enn i 2011. I løpet av ei veke er trafikken no på vel 7500 unike brukarar. Dette er opp 25 prosent frå same periode i 2011.

Svein Olav Langåker er prosjektansvarleg og skrivande journalist i Framtida.no. Prosjektansvarleg har arbeidsstaden sin i redaksjonslokala til ABC-Startsiden. I 2012 har Framtida.no hatt ein redaksjon tilsvarande to årsverk. I tillegg har prosjektet hatt ein journalist i praksis i åtte månader. Om lag 20 unge skribentar bidreg som kommentatorar på Framtida.no . Til saman samarbeider prosjektet med 15 lokalaviser.

Framtida.no har òg gjort det mogleg for brukarane å abonnera på rss-feedar frå kvart enkelt tema, anten det er snakk om politikk, litteratur, bokmeldingar eller yrkesval.

## Kringkastingsringen

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. Sidan 1955 år har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemdene skal føre ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg.

Kringkastingsringen arbeider også for å påverke styresmaktene til å leggje forholda til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media.

I 2012 har vi:

– arbeidd for meir nynorsk og dialektar i barne- og ungdomsprogram i radio og fjernsyn.

– møtt NRK for å drøfte NRK Super og andre problemstillingar knytte til språket i NRK.

– møtt TV2 for å drøfte problemstillingar knytte til språket i NRK

– gjeve ut meldingsbladet Kringom, der vi tek opp aktuelle mediepolitiske spørsmål.

– skipa til ope møte på Litteraturhuset om språk i barne-TV.

– delt ut Kringkastingsprisen 2012 til Knut Magnus Berge (NRK)

Martin toft var styreleiar i 2012. Bror-Magnus Sviland Strand er tilsett som dagleg leiar.

## Kultur og tradisjon

Studieforbundet kultur og tradisjon er studieforbund for Noregs Mållag og 30 andre frivillige organisasjonar. Studieforbundet skal ivareta medlemsorganisasjonane og deira lokallag med omsyn til utvikling, tilrettelegging og finansiering av eit mangfaldig og godt opplæringstilbod. Studieforbundet er opptatt av - og ønskjer å ta eit ansvar for - opplæring i folkekulturfaga.

Studieforbundet kultur og tradisjon ser på opplæring i vid forstand - frå eit lite, enkelt kurs til fordjuping i ulike emne og spesialisering i teknikkar - til formell kompetanse og studiepoeng. For studieforbundet er det viktig å sikre eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Studieforbundet kultur og tradisjon er ein stor kursarrangør og har ei jamn vekst i kursaktivitet gjennom dei siste åra. I 2012 gjennomførte medlemsorganisasjonane 128.919 kurstimar med 37.018 deltakarar på 4.338 kurs. Det er ein auke på omlag 4% frå 2011. Noregs Mållag hadde i 2012 ett kurs på 48 timar og med 5 deltakarar.

Opplæringa blir organisert gjennom lokale lag og foreiningar i medlemsorganisasjonane våre - og organisasjonar vi har samarbeidsavtale med.

I fleire av handverksfaga arbeider studieforbundet for å sikre vegen til formell kompetanse, med spesiell vekt på opplæring fram mot å ta fagbrev. Dette er små fag, og tilgangen på offentleg utdanning er forsvinnande liten. Studieforbundet kan rettleie kandidatar som ønskjer å ta fagbrev, samarbeider aktivt med fagopplæringa og deltek i ulike prosjekt som arbeider med fagutdanning.

Studieforbundet kultur og tradisjon driv også høgare utdanning i samarbeid med ulike høgskolar og universitet.

Studieforbundet arbeider med å spreie informasjon om vaksenopplæring generelt og stønadsordninga for kurs, spesielt. Dette skjer blant anna gjennom nettstaden www.kulturogtradisjon.no.

## Landsamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 123 medlemer; av desse er 107 kommunar og fylkeskommunar (per 31.12.2012).

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk bruksspråk innafor alle sektorar i det offentlege. Medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med språkopplæring, nynorsk og IKT, nynorsk for barn og unge og det å visa samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. LNK arbeider elles mykje med informasjonstenester og omdømmebygging i kommunane.

LNK tilbyr nynorskkurset «På saklista» gratis til medlemene, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkar heile landet. Kursa er kvalitetssikra av, og vert arrangerte i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fagforbundet.

Organisasjonen gir ut LNK-avisa seks gonger i året og driv nettstadane LNK.no , Magasinett.no, Startsida.no og Framtida.no (dei to siste saman med ABC Startsiden).

Elles arbeider Landssamanslutninga av nynorskkommunar nært saman med Noregs Mållag og dei andre nynorskorganisasjonane gjennom Nynorsk Forum.

Astrid Myran Aarvik er styreleiar i LNK, medan Vidar Høviskeland er dagleg leiar.

## Magasinett

Som ein lekk i ein strategi for å styrkja arbeidet mot barn og unge har LNK overteke ansvaret for drift av Magasinett og presenterer kvart år dette nettidsskriftet som eit tilbod til elevar og lærarar i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Magasinett.no og Framtida.




***JUBILEUM*** *Norsk Barneblad runda 125 år og feira med jubileumsboka* Skrinet med det rare i, *skriven av Eirik Helleve.*

no er framleis dei einaste ungdomsretta nettstadene som er redigerte på nynorsk.

Styret i Magasinett har dei siste åra lagt sterkare vekt på tilnærming til skulebruk. Magasinett har mange skarpe pennar og kjappe tastatur, og er eit særs godt og relevant tilbod til lærarar og elevar som slit med dårleg motivasjon i norskfaget. Frå januar 2012 fekk Svein Olav Langåker redaktøransvaret for Magasinett, og det vert for tida arbeidd for å få til ei tettare integrering mellom Framtida.no og Magasinett.

Magasinett hadde nær 25.000 unike brukarar i løpet av 2012. Dette er ein auke på 16 prosent frå 2011. Talet på sidevisingar har gått opp med 5,7 prosent. Magasinett har i løpet av hausten knytt til seg fleire nye skribentar gjennom nettverket til Framtida.no. Mellom desse er forfattarane Atle Berge og Kristina Leganger Iversen. Magasinett har arrangert to skrivekonkurransar og ei fototevling i samarbeid med Framtida.no. I tillegg har Magasinett oppgradert publiseringsplattforma si, og gjort det enklare for brukarane å dela innhaldet i sosiale media.

LNK har i fleire år hatt ein avtale med Fagforbundet som sikrar midlar til marknadsføring og vidareutvikling av Magasinett. Avtalen vart reforhandla i 2012 og gjeld no fram til 2017. Stiftinga Magasinett er elles finansiert gjennom tilskot frå Utdanningsdirektoratet og LNK.

## *Noregs Ungdomslag*

Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø. Noregs Ungdomslag er oppteken av å skape gode sosiale og faglege møtestader, og skipar mellom anna til fagseminar, sommarleir for ungdom og festivalane Norsk Amatørteaterfestival og Folkedansfestivalen. Sentralleddet arbeider også med instruktøropplæring innanfor folkedans og teater, og yter sørvis til dei lokale ungdomslaga. I ungdomslaget kan du delta i ei rekke ulike aktivitetar, der amatørteater, dans, og ulike aktivitetar for barn og unge er dei største. Over 300 ungdomslag er eigar eller medeigar i eit lokalt ungdomshus. Mange lag har også songkor, kino og bunad- og handverksarbeid. Noregs Ungdomslag er tufta på verdiane frilynd, tradisjon, nyskaping, generasjonar, rusfri samværskultur og samfunnsengasjement.

## *Norsk Barneblad*

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut mest utan avbrot sidan det vart skipa i 1887.

I 2012 feira vi 125 år! I høve jubileet gav vi ut jubileumsbok. Boka er skriven av Eirik Helleve og heiter *Skrinet med det rare i*. Ho er til sals hos Norsk Barneblad.

Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn og unge i alderen 7-15 år.

Norsk Barneblad har eigne nettsider, www.barneblad.no, som blir oppdaterte ein gong i veka med stoff som ikkje er trykt i bladet.

Ordskifte der lesarane sjølve får skriva inn og diskutera, er eit av dei mest populære innslaga i bladet. Bladet inneheld dessutan teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff.

Norsk Barneblad tilbyr lærerik og underhaldande sakprosa på nynorsk skrive for barn og av til av barn.

I tillegg til bladdrifta lagar også Norsk Barneblad julehefta Smørbukk og Tuss & Troll.

Saman med Det Norske Samlaget gav Norsk Barneblad i 2012 ut Barnas eiga aktivitetsbok, ei samling med ulike tips til artige ting å gjere.

Fire gongar i året blir Norsk Barneblad, med eit ekstra bilag, sendt ut som medlemsblad for barnemedlemmene i Noregs Ungdomslag.

Styreleiar er Magni Hjertenes Flyum, ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum.

## *Nynorsk kultursentrum*

2012 blei eit år for utviding. Vi fekk på plass Språkåret 2013, som er det største prosjektet vårt til no, styrkte driftsavdelingane Aasen-tunet og Hauge-senteret, tok over Allkunne, laga den første internasjonale samarbeidsavtalen, arbeidde mykje med samlingsforvaltning og auka både inntekter og gjestetal. Dette kunne berre gjerast i ein robust organisasjon med sterk vilje til fellesskap. Frå 1.1.2012 var Høgskulen i Sogn og Fjordane ein av stiftarane våre.

Det offentlege har i fleire år gitt oss auka driftsmidlar. Samstundes har vi greidd å auke andre inntekter endå meir. Det er ei god investering å satse på oss.

Driftsinntektene auka med 11 % til 20,6 millionar kroner, og drifta gav eit resultat på 626 000 kroner.

Talet på gjester ved arrangement og utstillingar auka med 14 % frå 19 206 i 2011 til 21 854 i 2012. Nynorsk kultursentrum har i mange år vore eit av musea i landet med flest born og unge blant gjestene. I 2012 utgjorde born og unge heile 45 % av alle gjestene våre.

Talet på unike brukarar på nettstadene auka med 20 % frå 250 000 i 2011 til 312 421 i 2012. Publikum kunne velje mellom meir enn 22 000 tekstdokument på nettstadene våre, Allkunne medrekna. Kvar dag brukte i gjennomsnitt 2000 personar tenestene våre.

Vi var til stades med 312 arrangement og tilstellingar i 30 kommunar, mot 299 i 26 kommunar i 2011. Med 48 arrangement på fire dagar samla Dei nynorske festspela 5200 gjester, og Arne Moslåtten var den 19. festspeldiktaren.

Nynorsk kultursentrum skreiv i 2012 ein intensjonsavtale 2013–2014 med Háskóli Íslands, NTNU, Universitetet i Bergen og Hordaland fylkeskommune om bidrag til eit internasjonalt språksenter i Reykjavík. Vi har ansvaret for oppfølging frå norsk side.

Tilsette og tillitsvalde publiserte 38 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 56 i 2011. Direktøren heldt den 12. og siste årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur: *Draumen om målet*. 20 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre. Vi laga temautstilling nr. 29 – *Kryssord og magi. Songlyrikk frå Bob Dylan til Arne Moslåtten*. Journalistane Ingvild Bryn og Arill Riise fekk begge prisen *Årets nynorskbrukar 2012*, og frå Vinjefondet for meir nynorsk i pressa løyvde vi 600 000 kroner til to prosjekt.

På oppdrag frå regjeringa Stoltenberg II leverte vi i januar 2012 prosjektplan for Språkåret, utvikla ei rekkje idear vidare og etablerte prosjektorganisasjon med tre tilsette. 1,5 millionar blei brukte til prosjektplanlegging, mot 0,5 millionar kroner i 2011.

Styreleiar var Reidar Sandal, rådsordførar var Wegard Harsvik (representant for Noregs Mållag) og direktør var Ottar Grepstad. Vi hadde tilsette i 14 faste stillingar og arbeidsavtalar med 57 betalte medarbeidarar som utførte 16,1 årsverk.

Til no har vi hatt nær 244 000 gjester og 3,1 millionar nettstadbrukarar. I alt 3,4 millionar personar har altså nytta tilboda våre. Etter 13 driftsår er dette noko av resultatet:

– 79 946 bøker, skrifter, foto, kunsthistoriske og tradisjonelle gjenstandar i samlingane
– 3200 arrangement med 8600 utøvarar
– 29 temautstillingar er laga og har vore lånte ut 145 gonger til stader i 18 fylke
– 13 950 tekstdokument på nettstadene
– Arrangement og utstillingar i 133 kommunar i alle fylka
– 807 turnéframsyningar av fire elevprogram for 23 876 elevar og lærarar

Visjonen vår er «nynorsk, sjølvsagt, når som helst og kor som helst». Nynorsk kultursentrum helsar medlemer, styre og tilsette i Noregs Mållag vel møtt til vidare godt samarbeid i Språkåret 2013!

## *NRK Nynorsk mediesenter*

Per 1. mars 2013 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 85 nynorskbrukande journalistar sidan 2004, og 75 prosent av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. 54 av dei arbeider i NRK. Det er tidlegare nynorskpraktikantar i NRK Super, Dagsrevyen, Dagsnytt, Sporten, NRK.no, ulike program i NRK P1, P2 og P3 og ved seks distriktskontor. Også fleire aviser og nettstader har tilsett tidlegare nynorskpraktikantar.

Søknadsfristen for haustkullet er 15. april og for vårkullet 15. oktober. Nynorskpraktikantane får opplæring i radio, fjernsyn og nett, og praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Til slutt har dei to månaders praksis i andre redaksjonar, i og utanfor NRK. Dei har løn i dei seks månadane praktikanttida varer, men korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etterpå. -Nynorskpraktikantane og NRK FleRe (systertiltak for rekruttering av fleirkulturelle) sine folk skal reknast som interne søkjarar til stillingar i NRK når dei er ferdige med opplæringa. Men dei må sjølvsagt ha både talent og engasjement for å henge med, seier Magni Øvrebotten. Ho er leiar for NRK Nynorsk mediesenter, som elles har to fast tilsette faglærarar.

Hausten 2013 startar lokalavisa Firda opp eit nytt opplæringstiltak for nynorskbrukande journalistar i avis og på nett. Nynorsk avissenter er namnet og dei tek inn fire nynorskpraktikantar i gongen, for eit halvt år med opplæring og praksis. Nynorsk avissenter og NRK Nynorsk mediesenter skal samarbeide om førelesarar og tiltak for meir nynorsk i media, og har sams søknadsfristar. Det er AMEDIA, Vinjefondet og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane som står bak Nynorsk avissenter, og Arve Sandal er tilsett som prosjektleiar.

# *Nynorsk pressekontor*

Stiftinga Nynorsk pressekontor (i daglegtale Nynorsk pressekontor), leverer nyheiter og bilete til aviser og andre medium. Kontoret har fem fast tilsette, og har vore i drift sidan 1969. Dei siste åra markerer har me markert oss sterkare med fleire nyheitsprodukt til ulike behov i media.

I lag med NTB (Norsk Telegrambyrå) har me eit felles mål om å auke bruken av nynorsk i media. Nye satsingar gir no moglegheiter for akkurat dette. Gjennom samarbeidsavtalen mellom dei to nyheitsbyråa har NPK lansert fleire nye produkt. Me held òg språkkurs inn mot både avisredaksjonar og det offentlege i tillegg til å levere aktualitetsstoff til NDLA, Norsk Digital læringsarena. Stoffet vi er med på å levere til NDLA, er tekst, bilete, video, grafikk, oppgåver, kviss og historiske tilbakeblikk til bruk i vidaregåande opplæring, for elevar og lærlingar.

I åra som kjem vil vi halde fram med produktutvikling og tilrettelegging for det nynorske språket i media.

Styreleiar i stiftinga er Kristian Fjellanger, redaktør og dagleg leiar er Karoline Riise Kristiansen.

# *Pirion*

Stiftinga Pirion gir ut fagbladet Pirion for tilsette i barnehagar, SFO og grunnskular. Pirion kjem ut med åtte utgåver i året. Ideen bak Pirion er å stimulera barnehagane og dei andre målgruppene til å ta utgangspunkt i lokal kultur og språk når årsplanane skal leggjast.

Stiftinga Pirion arrangerer også kurs. Pirion-kursa rettar seg mot det pedagogiske personalet i barnehagane og har som føremål å auka refleksjonen kring barnehagen si rolle som kulturformidlar i det moderne mediesamfunnet. Pirion-kursa leverer og innspel til det praktiske arbeidet i barnehagen.

Pirion er eit viktig tilbod til styrarar og andre tilsette i barnehagar, SFO og dei lågaste klassane i grunnskulen.

Noregs Mållag og Landssamanslutninga av nynorskkommunar står bak stiftinga Pirion.

Ein avtale LNK har med Fagforbundet sikrar at Pirion kjem ut som stifta vedlegg til Fagbladet i om lag 38 000 eks. åtte gonger i året. Avtalen gjeld fram til 2017. I tillegg hadde Pirion om lag 300 betalande abonnentar i meldingsåra, sjølv om alt stoffet ligg fritt tilgjengeleg på Pirion.no. Styret la ned den postdistribuerte papirversjonen frå januar 2013 og ønskjer heller å bruka ressursane til å auka den redaksjonelle aktiviteten på pirion.no, facebook.com/pirion og twittersida @ avisapirion.

Norsk Plan as har for tida det redaksjonelle ansvaret for bladet og brukar eigne og innleigde journalistar til å skriva det redaksjonelle stoffet. I tillegg bidreg ulike spaltistar til den faste spalta PitParion. På pirion.no finn lesarar alt tilgjengeleg materiell frå bladet, pluss somme bokmeldingar og lenker til andre gode nettstader.

Pirion får driftsstøtte frå Utdanningsdirektoratet, Fagforbundet og frå LNK.

# Vedlegg og statistikk

## *Nynorsk skulemål 1930-2012*

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1930 | 19,50 % | 1957 | 23,90 % | 1979 | 16,40 % | 2000 | 15,00 % |
| 1935 | 19,90 % | 1958 | 23,50 % | 1980 | 16,40 % | 2001 | 14,90 % |
| 1938 | 22,00 % | 1959 | 23,30 % | 1981 | 16,50 % | 2002 | 14,70 % |
| 1939 | 29,50 % | 1960 | 22,70 % | 1982 | 16,60 % | 2003 | 14,50 % |
| 1940 | 31,50 % | 1962 | 21,50 % | 1983 | 16,60 % | 2004 | 14,25 % |
| 1941 | 31,90 % | 1963 | 21,10 % | 1984 | 16,70 % | 2005 | 14,03 % |
| 1942 | 33,20 % | 1964 | 20,50 % | 1985 | 16,70 % | 2006 | 14,04 % |
| 1943 | 33,60 % | 1965 | 20,40 % | 1986 | 16,80 % | 2007 | 13,88 % |
| 1944 | 34,10 % | 1966 | 19,40 % | 1987 | 16,80 % | 2008 | 13,41 % |
| 1945 | 33,20 % | 1967 | 19,20 % | 1988 | 16,90 % | 2009 | 13,27 % |
| 1946 | 31,90 % | 1968 | 19,10 % | 1989 | 16,90 % | 2010 | 13,06 % |
| 1947 | 31,10 % | 1969 | 18,40 % | 1990 | 17,00 % | 2011 | 12,88 % |
| 1948 | 30,80 % | 1970 | 17,90 % | 1991 | 16,90 % | 2012 | 12,67 % |
| 1949 | 30,50 % | 1971 | 17,50 % | 1992 | * | | |
| 1950 | 29,70 % | 1972 | 17,30 % | 1993 | * | | |
| 1951 | 29,00 % | 1973 | 17,10 % | 1994 | * | | |
| 1952 | 28,20 % | 1974 | 16,80 % | 1995 | 16,60 % | | |
| 1953 | 27,30 % | 1975 | 16,70 % | 1996 | 16,10 % | | |
| 1954 | 26,20 % | 1976 | 16,50 % | 1997 | 16,10 % | | |
| 1955 | 25,30 % | 1977 | 16,40 % | 1998 | 15,60 % | | |
| 1956 | 24,30 % | 1978 | 16,40 % | 1999 | 15,30 % | | |

* Merknad: For 1992, 1993 og 1994 ligg det ikkje føre rette tal. Det kjem av at statistikkføringa er endra etter at KUF tok over



# Skulemålet i alle fylka 2007-2012

| | 2007 | | 2008 | | 2009 | | 2010 | | 2011 | | 2012 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Elevar** | **Nynorsk** | **Elevar** | **Nynorsk** | **Elevar** | **Nynorsk** | **Elevar** | **Nynorsk** | **Elevar** | **Nynorsk** | **Elevar** | **Nynorsk** |
| Østfold | 34 280 | 0,00 % | 34 720 | 0,00 % | 34 427 | 0,00 % | 34 548 | 0,0 % | 34 521 | 0,0 % | 34501 | 0,00 % |
| Akershus | 73 110 | 0,00 % | 73 719 | 0,00 % | 73 999 | 0,00 % | 74 674 | 0,0 % | 75 555 | 0,0 % | 76565 | 0,00 % |
| Oslo | 53 241 | 0,02 % | 54 868 | 0,01 % | 54 807 | 0,00 % | 56 074 | 0,0 % | 57 712 | 0,0 % | 58822 | 0,00 % |
| Hedmark | 23 281 | 0,00 % | 23 145 | 0,00 % | 22 900 | 0,00 % | 22 936 | 0,0 % | 22 667 | 0,0 % | 22439 | 0,00 % |
| Oppland | 23 351 | 20,15 % | 23 145 | 19,86 % | 22 723 | 19,51 % | 22 564 | 19,1 % | 22 243 | 18,7 % | 22065 | 18,20 % |
| Buskerud | 31 858 | 3,35 % | 31 895 | 3,06 % | 32 232 | 2,91 % | 32 243 | 2,9 % | 32 440 | 2,9 % | 28910 | 2,20 % |
| Vestfold | 30 057 | 0,00 % | 29 714 | 0,00 % | 29 514 | 0,01 % | 29 395 | 0,0 % | 29 318 | 0,0 % | 28911 | 0,00 % |
| Telemark | 21 452 | 14,06 % | 20 894 | 12,96 % | 20 677 | 12,02 % | 20 430 | 11,2 % | 20210 | 11,0 % | 20032 | 10,70 % |
| Aust-Agder | 14 564 | 7,23 % | 14 326 | 6,45 % | 14 242 | 5,99 % | 14 260 | 5,7 % | 14 322 | 5,6 % | 14396 | 5,40 % |
| Vest-Agder | 23 471 | 3,41 % | 23 292 | 3,46 % | 23 150 | 3,41 % | 23 005 | 3,3 % | 22 995 | 3,3 % | 22872 | 3,30 % |
| Rogaland | 59 137 | 25,76 % | 58 845 | 25,19 % | 58 837 | 24,85 % | 58 723 | 24,6 % | 58 596 | 24,3 % | 58939 | 24,00 % |
| Hordaland | 62 583 | 41,27 % | 62 138 | 40,59 % | 61 998 | 40,27 % | 61 918 | 39,8 % | 61 892 | 39,3 % | 61670 | 38,80 % |
| Sogn og Fj | 15 207 | 97,02 % | 14 801 | 97,13 % | 14 671 | 97,18 % | 14 491 | 97,2 % | 14 390 | 97,3 % | 14179 | 97,40 % |
| Møre og R | 33 683 | 53,80 % | 33 301 | 53,41 % | 33 202 | 53,29 % | 33 210 | 52,5 % | 33 118 | 52,1 % | 32771 | 51,50 % |
| S-Trøndelag | 36 796 | 0,14 % | 36 223 | 0,12 % | 36 142 | 0,10 % | 35 984 | 0,1 % | 35949 | 0,1 % | 35912 | 0,10 % |
| N-Trøndelag | 18 361 | 0,26 % | 18 117 | 0,20 % | 17 945 | 0,18 % | 17 715 | 0,2 % | 17 559 | 0,0 % | 17295 | 0,00 % |
| Nordland | 32 313 | 0,03 % | 31 256 | 0,03 % | 30 528 | 0,04 % | 30 325 | 0,0 % | 29 774 | 0,0 % | 29015 | 0,00 % |
| Troms | 21 068 | 0,24 % | 20 481 | 0,24 % | 20 211 | 0,15 % | 19 667 | 0,1 % | 19 550 | 0,1 % | 19428 | 0,10 % |
| Finnmark | 9 464 | 0,00 % | 9 147 | 0,00 % | 8 934 | 0,00 % | 8 814 | 0,0 % | 8 636 | 0,0 % | 8519 | 0,00 % |
| Landet | 617 237 | 13,65 % | 614 062 | 13,41 % | 611 977 | 13,27 % | 612 935 | 13,1% | 611 397 | 12,9 % | 610990 | 12,7 % |

| *Endring* | 2008 | | 2009 | | 2010 | | 2011 | | 2012 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bokmålselevar | -1005 | -0,19% | -931 | -0,18 % | 577 | 0,10% | -491 | -0,09 % | 1057 | 0,2 % |
| Nynorskelevar | -1880 | -2,23% | -1154 | -1,40% | -1363 | -1,70 % | -1 047 | -1,31 % | -1459 | -1,85 % |

*Tabellen viser samla elevtal (både nynorsk- og bokmålselevar) og kor stor prosentdel av desse som har nynorsk som hovudmål i kvart fylke. Under tabellen ser du endringa i talet på bokmåls- og nynorskelevar.*

# Skulemålsrøystingar 1994-2012

| Dato | Krins | Kommune | Røysteføre | Nynorsk | Bokmål | Vedtak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **HEDMARK** | | | | | | |
| 270697 | Dalen | Folldal | 300 | 97 | 97 | Bokmål |
| **OPPLAND** | | | | | | |
| 030597 | Nord-Vekkom og Sør-Vekkom | Ringebu | 1280 | 35 | 209 | Bokmål |
| 040401 | Etnedal | Etnedal | 1185 | 212 | 158 | Nynorsk |
| 050403 | Kjønås/Venåbygd | Ringebu | 700 | 36 | 79 | Bokmål |
| 050403 | Fåvang | Ringebu | 1200 | 48 | 228 | Bokmål |
| 070604 | Engjom | Gausdal | 656 | 199 | 110 | Nynorsk |
| 241004 | Reinli | Sør-Aurdal | 344 | 144 | 76 | Nynorsk |
| 220811 | Skåbu | Nord-Fron | 431 | 150 | 95 | Nynorsk |
| 120312 | Otta | Sel | 3023 | 76 | 103 | Bokmål |
| 230512 | Fagernes | Nord-Aurdal | 5050 | 196 | 348 | Bokmål |
| **BUSKERUD** | | | | | | |
| 160697 | Rollag | Rollag | 280 | 175 | 102 | Nynorsk |
| 100500 | Skurdalen ** | Hol | 25 (188) | 11 | 13 | Nynorsk |
| 091002 | Rollag | Rollag | 470 | 112 | 122 | Bokmål |
| 010404 | Skurdalen/Dagali | Hol | 305 | 81 | 85 | Bokmål |
| 120905 | Holet | Hol | 588 | 221 | 71 | Nynorsk |
| **TELEMARK** | | | | | | |
| 201095 | Kroken | Drangedal | 850 | 228 | 280 | Bokmål |
| 201095 | Brødsjø | Drangedal | 303 | 66 | 111 | Bokmål |
| 200697 | Bøen | Tinn | 424 | 85 | 67 | Nynorsk |
| 130400 | Yli ** | Notodden | 125 (763) | 41 | 44 | Nynorsk |
| 130400 | Rygi ** | Notodden | 205 (1064) | 84 | 53 | Nynorsk |
| 150903 | Svenseid | Nome | | 136 | 32 | Nynorsk |
| 150903 | Lunde 1-4 (off.) | Nome | | 172 | 409 | Bokmål |
| 150903 | Lunde 5-7 (off.) | Nome | | 282 | 449 | Bokmål |
| 100507 | Yli | Notodden | 680 | 23 | 109 | Bokmål |
| 011008 | Rygi | Notodden | 1400 | 15 | 134 | Bokmål |
| 011008 | Gransherad | Notodden | 700 | 35 | 65 | Bokmål |
| 170310 | Attrå | Tinn | 1312 | 109 | 191 | Bokmål |
| 170310 | Hovin | Tinn | 195 | 35 | 65 | Bokmål |
| **AUST-AGDER** | | | | | | |
| 260194 | Gjerstad | Gjerstad | --- | 174 | 117 | Nynorsk |
| 290595 | Nelaug | Åmli | --- | 67 | 68 | Nynorsk |
| 160200 | Gjerstad ** | Gjerstad | 152 (840) | 29 | 85 | Bokmål |
| 150503 | Mykland | Froland | 307 | 29 | 79 | Bokmål |
| 030510 | Åmli | Åmli | 1420 | 360 | 334 | Bokmål |
| 030510 | Dølemo | Åmli | 261 | 75 | 44 | Bokmål |
| **VEST-AGDER** | | | | | | |
| 120397 | Laudal | Marnardal | 405 | 131 | 134 | Bokmål |
| 201097 | Vesterdalen | Kvinesdal | 500 | 187 | 141 | Nynorsk |
| 191199 | Byremo ** | Audnedal | 89 (490) | 44 | 38 | Nynorsk |
| 140300 | Vesterdalen ** | Kvinesdal | 106 (540) | 22 | 64 | Bokmål |
| 220300 | Kollemo ** | Hægebostad | 82 | 41 | 28 | Nynorsk |
| 150503 | Mykland | Froland | 307 | 25 | 82 | Bokmål |
| 160206 | Austerdalen | Kvinesdal | 500 | 68 | 115 | Bokmål |
| 191107 | Kvinlog | Kvinesdal | 459 | 200 | 71 | Nynorsk |
| **ROGALAND** | | | | | | |
| 040696 | Bru/Mosterøy | Rennesøy | 886 | 101 | 351 | Bokmål |
| 110297 | Rennesøy | Rennesøy | 1203 | 520 | 126 | Nynorsk |
| 050597 | Heskestad | Lund | 347 | 143 | 121 | Nynorsk |
| 140512 | Sola | Sola | 842 | 44 | 17 | Bokmål |

| Dato | Krins | Kommune | Røysteføre | Nynorsk | Bokmål | Vedtak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 270999 | Stangeland | Sola | --- (3053) | 69 | 108 | Bokmål |
| 270999 | Sande (ny skule) | Sola | --- (3053) | 41 | 173 | Bokmål |
| 040500 | Sviland ** | Sandnes | 161 (736) | 56 | 59 | Bokmål |
| 250900 | Håland | Sola | 800 | 136 | 129 | Nynorsk |
| 140501 (off) | Sviland | Sandnes | 736 | 222 | 167 | Nynorsk |
| 300304 | Soma | Sandnes | 602 | 64 | 81 | Bokmål |
| 130504 | Stokkastrand | Karmøy | 973 | 255 | 103 | Nynorsk |
| 030604 | Heskestad | Lund | 351 | 93 | 108 | Bokmål |
| 120905 | Ålgård | Gjesdal | | 359 | 306 | Nynorsk |
| 200206 | Oltedal | Gjesdal | 570 | 131 | 107 | Nynorsk |
| **HORDALAND** | | | | | | |
| 270597 | Ådnamarka og Indre Arna | Bergen | 2700 | 234 | 113 | Nynorsk |
| 010300 | Liland | Bergen | 633 (2743) | 107 | 239 | Bokmål |
| 231001 | Nordvik | Bergen | 322 | 18 | 65 | Bokmål |
| 160603 | Kyrkjekrinsen | Bergen | 1780 | 223 | 224 | |
| 160603 | Hordvik | Bergen | 1212 | 279 | 293 | |
| 150903 | Fauskanger | Askøy | 1398 | 516 | 371 | Nynorsk |
| 150903 | Træet | Askøy | 704 | 267 | 157 | Nynorsk |
| 310510 | Træet | Askøy | 949 | 130 | 80 | Nynorsk |
| 310510 | Fauskanger | Askøy | 690 | 105 | 96 | Nynorsk |
| **SOGN OG FJORDANE** | | | | | | |
| 141105 | Florø | Flora | 4065 | 176 | 206 | Nynorsk |
| **MØRE OG ROMSDAL** | | | | | | |
| 040694 | Eidsvåg * | Nesset | --- | 159 | 178 | Ugyldig |
| 050396 | Batnfjord | Gjemnes | 825 | 240 | 211 | Nynorsk |
| 120897 | Nordlandet | Aure | 150 | 36 | 13 | Nynorsk |
| 150600 | Flisnes ** | Ålesund | 480 (1.579) | 106 | 117 | Bokmål |
| 011001 | Haukås | Fræna | 1781 | 101 | 221 | Bokmål |
| 050603 | Grimstad | Ålesund | 610 | 59 | 159 | Bokmål |
| 020507 | Aure | Aure | 1175 | 389 | 237 | Nynorsk |
| 020507 | Lesundet | Aure | 188 | 37 | 53 | Nynorsk |
| 020507 | Straumsvik | Aure | 320 | 76 | 77 | Nynorsk |
| 100310 | Batnfjord | Gjemnes | 1477 | 301 | 420 | Bokmål |
| 170310 | Øvre Rindal | Rindal | 443 | 63 | 89 | Bokmål |
| 060711 | Torvikbukt | Gjemnes | | 74 | 123 | Bokmål |
| **SØR-TRØNDELAG** | | | | | | |
| 270694 | Voll | Rennebu | --- | 157 | 208 | Bokmål |
| 141097 | Jåren-Råbygda | Skaun | 347 | 106 | 105 | Nynorsk |
| **NORD-TRØNDELAG** | | | | | | |
| 110594 | Flekstad | Steinkjer | --- | 57 | 77 | Bokmål |
| 270598 | Vuku | Verdal | 829 | 167 | 231 | Bokmål |
| 090500 | Volden | Verdal | 48 (312) | 11 | 28 | Bokmål |
| 120500 | Vålen ** | Steinkjer | 48 (229) | 28 | 20 | Nynorsk |
| 050600 | Mære ** | Steinkjer | 365 (1210) | 32 | 130 | Bokmål |
| 050600 | Skarpnes ** | Steinkjer | 126 (751) | 7 | 42 | Bokmål |
| 050600 | Flekstad ** | Steinkjer | 86 (468) | 22 | 41 | Bokmål |
| 200405 | Røysing | Steinkjer | 414 | 130 | 121 | Ugyldig |
| 010605 | Røysing | Steinkjer | 414 | 126 | 181 | Bokmål |
| 290910 | Vålen | Steinkjer | 215 | 60 | 78 | Bokmål |

** Røystingar mellom 1. august 1999 og 31. juli 2000. Tala i parentes i kolonna «Røysteføre» viser talet på røysteføre ved vanlege val. Frå 1.8.1999-31.07.2000 hadde berre foreldra til elevane som gjekk på skulen det aktuelle skuleåret røysterett.



NOREGS MÅLLAG
Lilletorget 1
Telefon 23 00 29 30
Telefaks 23 00 29 31
E-post nm@nm.no
www.nm.no